



Eid Kommune

Kommunedelplan for kulturarv 2017-2029




Kommunestyret 26. januar 2017, KS-sak 009/17

Saks nr: 16/20030

Dato: 14.03.2017

Versjon: 1.01


INVITERER



*Lat oss ikkje forfedrane gløyma
Under alt som me venda og snu;
For dei gav oss ein arv til gløyma,
Han er større enn mange vil tru.*

*Lat det merkjast i meir enn i ordi
At me halda den arven i stand,
At når fedrane sjå att på jordi,
Dei kan kjenna sitt folk og sitt land.*

Ivar Aasen

Bru over Alsakerelva. Foto: Gerd Fløde Bjørlo

FORORD

Eidasamfunnet sin kjerneverdi er å invitere. Vi ynskjer difor å invitere til å oppleve og utvikle kulturarven i Eid, slik at fleire kan lære om og ha glede av vår felles kulturarv

Kommunedelplan for kulturarv har som målsetjing å synleggjere kulturminna vi har i kommunen og gje dei merksemd. Slik kan alle i Eid få litt meir kunnskap om historia kulturarven fortel oss. Til fleire som ser verdien kulturminna har som vår felles arv og identitet, til fleire vil bidra med å ta vare på kulturminna og sikre dei for framtidige generasjonar.

Kulturarven er ikkje berre dei fysiske monumenta og stadane vi ser. Foreiningsliv, matkultur, språk, stadnamn, ord og uttrykk og handverkstradisjonar er døme på slik kulturarv – på fagspråk kalla immateriell kulturarv.

Eid kommune har i planarbeidet hatt møte i bygdene for å få informasjon om viktige kulturminne i den enkelte bygd, og i planen har bygdene fått sitt eige kapittel der viktige kulturminne er omtala.

Kommunedelplan for kulturarv er den første som er laga i Eid kommune. Mykje er omtala, men den grundige omtalen av det enkelte kulturminnet vil du ikkje finne her. Planen inneheld også ein handlingsdel som viser korleis ein skal arbeide vidare med å kartlegge, synleggjere og sikre kulturminna. Kommunedelplanen skal jamleg reviderast, og planen sin handlingsdel skal rullerast årleg. I arbeidet med oppfølging av planen, vil kommunen samarbeide vidare med lag og organisasjonar. Særleg er nyskipa Eid Sogelag ein viktig samarbeidspart.

Det er lagt vekt på at planen skal vere tilgjengeleg slik at han kan vere interessant å lese for alle som har tilknytning til Eid, og at også skulane i kommunen kan ha nytte av planen.

Planen er vedteken i kommunestyret 26. januar 2017.

Nordfjordeid, 3. mars 2017

Alfred Bjørlo (ordfører)

Åslaug Krogsæter (rådmann)

Innhold


| | |
|---|----|
| FORORD | 2 |
| 1 Innleiing | 5 |
| 1.1 Bakgrunn | 5 |
| 1.2 Kulturarven som ressurs..... | 6 |
| 1.3 Vern | 6 |
| 1.4 Viktige aktørar | 7 |
| 1.5 Medverknad i planprosessen | 8 |
| 1.6 Formål..... | 8 |
| 1.7 Plandokumentet | 9 |
| 2 Kulturarven i Eid | 9 |
| 2.1 Kulturarv frå eldre tid (9000 f.Kr.–1537)..... | 9 |
| 2.1.1 Eldre steinalder (9000-3200 år f.Kr.) | 10 |
| 2.1.2 Yngre steinalder (3200-1800 år f.Kr.) | 10 |
| 2.1.3 Bronsealder (1800-500 år f.Kr.)..... | 10 |
| 2.1.4 Jernalder (500 år f.Kr.–1050) (Vikingtid 800-1050)..... | 11 |
| 2.1.5 Mellomalder (1050–1537)..... | 11 |
| 2.2 Kulturarv frå nyare tid (1537-)..... | 11 |
| 2.2.1 Kulturminne knytt til gardane | 12 |
| 2.2.2 Kulturminne knytt til tru..... | 14 |
| 2.2.3 Kulturminne knytt til ferdsel | 15 |
| 2.2.4 Kulturminne knytt til næringsliv og offentleg tenesteyting, strandsitjarstaden, eksersisplassen | 15 |
| 2.2.5 Andre kulturminne | 17 |
| 2.3 Kulturarv – bygd for bygd | 17 |
| 2.3.1 Kjølsdalen | 17 |
| 2.3.2 Stårheim | 20 |
| 2.3.3 Haugen | 22 |
| 2.3.4 Nordfjordeid | 26 |
| 2.3.5 Sørsida med Torheim/Hundeide/Taklo | 30 |
| 2.3.6 Lote/Hennebygda | 32 |
| 2.3.7 Hjelle/Heggjabygda/Navelsaker | 36 |
| 2.3.8 Sudstranda med Holmøyane/Skrede/Rognes | 38 |

| | |
|--|----|
| 3. Ressursar | 41 |
| 3.1 Verktøy for å identifisere kulturminneverdi..... | 41 |
| 3.2 Kunnskapsbasar..... | 41 |
| 3.3 Formidling av kulturarven i Eid..... | 41 |
| 3.4 Organisering av kulturminneforvaltninga i kommunen | 42 |
| 3.5 Økonomiske tilskotsordningar | 42 |
| 4. Oversikt over den utvalde kulturarven i Eid kommune | 43 |
| 5. Mål for kulturarvsatsinga i Eid kommune | 48 |
| 6. Handlingsdel..... | 51 |
| Vedlegg..... | 56 |

1 Innleiing

Vi har fått vår kulturarv frå generasjonane før oss. No er det vi som forvaltar verdiane i kulturarven og skal gje arven vidare til generasjonane som kjem etter oss.

Kulturarven i form av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, skapar lokalt grunnlag for identitet og rotfeste, og gir oss kunnskap og forståing av at eigne tradisjonar representerer noko verdifullt.



Kulturarven kan ha evna til å vekke nysgjerrigheit, gi eit innblikk i historia eller skape ei stemningsfull ramme rundt ei oppleving.

Spørsmål ein kan stille seg i møte med kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er:

- *Kva var dette brukt til?*
- *Kvifor valde dei denne løysinga?*
- *Korleis brukte dei dette?*
- *Kvifor vart det brukt på denne måten?*
- *Kan dette vere ein ressurs i dag?*

Det er ei utfordring at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert sårbare når dei ikkje lenger vert nytta til sin opphavlege

bruk, eller ikkje stettar krava til dagens standard for bruk.

I Eid har vi ein rik kulturarv som syner at her har budd menneske i over 6000 år. Med dette utgangspunktet har vi høve til å komme nærare historia til dei menneska som har levd sine liv og hatt sitt daglege virke her. Spesielt kulturmiljø og kulturlandskap gjev stadane særpreg, men også den immaterielle kulturarven har sett sitt preg på stadane gjennom den folkelege kulturen.

1.1 Bakgrunn

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er ikkje fornybare ressursar. Dei er uerstattelige om dei går tapt.

I nasjonale forventningar kjem det fram at regjeringa ventar at kommunane identifiserer viktige kulturminne, tek omsyn til desse i planlegginga, og nyttar desse som ressursar i samfunnsutviklinga. Nasjonalt er målet *å redusere tapet av verneverdige kulturminne*, jf. Nasjonalt miljømål 2.1. For å nå dette målet har Riksantikvaren satsa på *å styrke kompetansen om kulturminne i kommunane og få betre oversikt over verneverdige kulturminne gjennom lokale kulturminneplanar*. Det er frå Riksantikvaren si side lagt vekt på at slike planar kan *aktualisere kulturarven si rolle i samfunnsutviklinga*.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgd opp denne satsinga, og peikar på kommunen sitt potensiale *til å utvikle attraktive og verdiskapande lokalsamfunn* som hovudaktør i forvaltninga av kulturhistoriske verdier. Vidare legg dei vekt på kommunane si rolle med *å skaffe oversikt over kulturminne og setje desse på dagsorden for å unngå ytterlegare tap av kulturminne*.

Dette er første gong Eid kommune utarbeider ein kommunedelplan for kulturarv. Den finansielle og faglege støtta frå Riksantikvaren

og Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore ein utløyssande faktor for at Eid kommune tok til på dette arbeidet.

1.2 Kulturarven som ressurs

For oss er det viktig å kjenne til kulturarven som berar av vår felles historie. Nokre kulturminne representerer det typiske, andre det spesielle frå vårt samfunn. Gjennom kjennskap til historia og kva kulturminne som representerer denne, kan vi lettare velje ut kulturminne som vi meiner er godt eigna til å fortelje ein viktig del av vår historie, kulturminne vi meiner det er viktig å ta vare på og kulturminne som vi meiner er så viktige at vi ynskjer å sikre dei for komande generasjonar gjennom vern.



Tverrgata i Nordfjordeid sentrum. Foto: Cecilie Marie Åshamar(2016).


Aktørar i lokalsamfunnet kan nytte kulturarven som ein ressurs i samfunnsutviklinga. Med utgangspunkt i element frå kulturarven kan til dømes næringslivet utvikle produkt og opplevingar, lag og organisasjonar arrangere samlingar eller turar i historiske miljø, og det kan generelt leggast til rette for at innbyggjarar og besøkande skal kunne få innblikk i historia som ligg bak.

1.3 Vern

Dei aller fleste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap har ingen form for vern. Lovar som gjev grunnlag for vern av desse er kulturminnelova, naturmangfaldslova og plan- og bygningslova. Kommunen har berre myndigheit til å vedta vern gjennom kommuneplanar og reguleringsplanar som er juridisk bindande etter plan- og bygningslova. Dette inneber at kommunen ikkje har myndigheit til å verne lause og immaterielle kulturminne. Myndigheita til å vedta vern etter kulturminnelova eller naturmangfaldslova ligg til andre offentlege organ.

Det bør utførast ein verdianalyse når kommunen skal vurdere å verne utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Ein slik verdianalyse kan identifisere balansen mellom bruk og vern og vere grunnlag for å sikre at verdiane ved kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert ivaretekne i vidare forvaltning.

Under er ein illustrasjon som syner kva juridisk vern som er gjeldande eller kan gjerast gjeldande for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.



Kommunen har altså eit ansvar for å verne viktige kulturminne som i dag står utan eit særskilt vern. Slikt vern er ein viktig del av å forvalte verdiane i kulturarven slik at vi kan vidareføre den til komande generasjonar. Spesielt gjennom reguleringsplanar har kommunen moglegheit til å sikre ein balanse mellom vern av viktige verdiar og handlingsrom for endring i bruk. Lokalt vern kan difor vere ein ressurs i samfunnsutviklinga.

1.4 Viktige aktørar

Lokale utviklingsaktørar kan ta ei aktiv rolle for sjølv å utvikle kulturarven som ressurs.

Eigarane er dei viktigaste aktørane når det gjeld å ta vare på og vidareutvikle kulturminna. For at potensialet skal kunne hentast ut, er det viktig at eigarane ser verdien av kulturminna og har kunnskap om korleis dei kan takst vare på og vidareutviklast samtidig som kulturminneverdien vert bevart.

Også tilgang på økonomiske ressursar vil ha noko å seie for i kva grad eigarane har moglegheit til å ta vare på og vidareutvikle kulturminna.

Lokale aktørar som **lag, organisasjonar og næringsliv** kan bidra til å utvikle kulturarven som fellesressurs for allmenta eller som grunnlag for verdiskaping. **Eid sogelag** og **Eid frivilligsentral** kan vere viktige bidragsytarar ved utvikling av kulturarven.

Musea og fylkesarkivet er ein viktig samarbeidspart når det gjeld å ta vare på gjenstandar og immateriell kulturarv som til dømes stadnamn. **Nordfjord folkemuseum og Sogn og Fjordane fylkesarkiv** kan vere viktige samarbeidspartar ved behov for trygg bevaring av kulturminne.

Offentlege organ har forvaltningsansvar for vår felles kulturarv. **Riksantikvaren** har mynde til å avgjere om eit kulturminne er automatisk freda og til å gjere fredingsvedtak.

Riksantikvaren har mynde til å legge ned motsegn av omsyn til kulturminne ved kommunal arealplanlegging. **Sogn og Fjordane fylkeskommune** har forvaltningsansvar for dei automatisk freda kulturminna og vedtaksfreda kulturminne. For dei vedtaksfreda bygningane gjev fylkeskommunen tilskot og fagleg rettleiing i arbeidet med å vedlikehalde bygningane. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ha saker som kan kome i konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser til uttale.

Det er fylkesarkivet som jobbar mest med stadnamn i fylket, og Eid kommune har ei viktig rolle når det gjeld å bruke kulturarven som ressurs i samfunnsutviklinga og gje råd til lokale initiativtakarar som vil utvikle kulturminna. Kommunen har mynde til å verne kulturminne gjennom kommuneplanar og reguleringsplanar som er juridisk bindande etter plan- og bygningslova. Med mynde etter plan- og bygningslova har kommunen ansvar for å følgje opp alle kulturminne i kommunen gjennom forvaltninga.

1.5 Medverknad i planprosessen

Ved utarbeiding av kommunedelplan for kulturarv, har dialog med lokale aktørar blitt vektlagt. Som grunnlag for planarbeidet, vart det vinteren 2014/2015 arrangert møte for å hente inn kunnskap om bygdene sine særeigne historier og viktige kulturminne. Resultatet av dette er nærare omtala i kapittel 3.2.

Planarbeidet har vore gjennomført etter reglane i plan- og bygningslova, og i tråd med desse har lokale aktørar og offentlege instansar blitt informerte og inviterte til å bidra med innspel til arbeidet.

1.6 Formål

Formålet med å utarbeide denne planen er å få på plass eit styringsverktøy for dette satsingsområdet. Planen skal følgje opp

føringar frå kommuneplanen sin samfunnsdel.

I kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025 er det tre strategiar som er relevante for Eid kommune si rolle som forvaltar av kulturminne som felles verdiar:

1.12. Ta vare på det kulturhistoriske særpreget i Eidsgata og Tverrgata.

5.14. Verne om naturressursar, kulturminne og særpreg i naturen.

5.15. Verne om særpreget på setrane.

Dette er alle strategiar som handlar om å ta vare på kulturminna som vi meiner er viktige. I kommunedelplan for kulturarv er det difor lagt vekt på å gje ei oversikt over mangfaldet av kulturminne som vi har i Eid. Omfanget av kulturminne i Eid kommune gjer at vi ikkje kan gje ei fullstendig oversikt. Vi vil difor konsentrere oss om å gjere greie for ulike typar kulturminne og trekke fram kulturminne som er kjent som viktige i Eid.

For at vi i fellesskap skal kunne ta vare på kulturarven vår, må vi **arbeide systematisk med formidling, ivaretaking og vern**, i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. I siste del av planen er det difor gjort greie for kva innsats Eid kommune vil gjere for å legge til rette for at andre aktørar skal kunne formidle og ivareta kulturminna, og kva tiltak kommunen sjølv vil gjere innanfor formidling, ivaretaking og vern.

Kunnskap om kulturarven er viktig for å sikre at arven vert vidareført. Som med all arv, er det ikkje alt som vert tatt vare på. Det er difor naturleg å legge vekt på den delen av kulturarven som vi meiner er verdifull og ein ressurs i samfunnsutviklinga.

Eid kommune har følgjande mål for å bidra til formidling, ivaretaking og vern av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap:

- Mål 1. Eid kommune skal aktivt legge til rette slik at aktørar kan utvikle kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling.
- Mål 2. Eid kommune skal bidra til utvikling av og gjennomføre formidlings- og/eller vernetiltak for den utvalde kulturarven, jf. oversikt i kapittel 4.
- Mål 3. Eid kommune skal bidra til at minst tre kulturminne/ kulturlandskap vert restaurerte i året.
- Mål 4. Eid kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan, etter plan- og bygningslova, verne kulturminne som vert vurderte til å ha ein lokalt viktig verdi.

1.7 Plandokumentet

Kommunedelplanen for kulturarv gjeld for perioden 2017-2029. Planen gjev innleiingsvis eit generelt oversyn over dei ulike kulturminna vi har i Eid kommune, kva tidsepoke dei høyrer til og kva type kulturminne det er snakk om. Her er trekt fram både materielle og immaterielle kulturminne.

I kapittel 2 er det presentert ei oversikt over kulturarven i Eid, frå eldre og nyare tid, og bygd for bygd. I presentasjonen av bygdene er det trekt fram kulturminne/kulturmiljø som bør takast vare på, gjerast kjent for dei som bur her i dag og formidlast vidare til komande generasjonar. Her er noko frå folkemøta som vart haldne i forkant av planarbeidet, og noko er teke inn frå andre kjelder.

I kapittel 3 gjev planen eit oversyn over aktuelle kunnskapsbasar som viser til korleis ein kan ta vare på eit kulturminne, korleis spreie kunnskapen om kulturminna og kva ressursar som er tilgjengelege for dei som ønskjer å ta vare på eit kulturminne.

I kapittel 4 er det eit oversyn over den utvalde kulturarven. Dette er ikkje ei samla oversikt over alle kulturminna i kommunen. Mange kulturminne vil bygdefolk og grunneigarar

verne om og gje sin rettmessige plass i bygda. Ein del kulturminne er allereie sikra gjennom at dei er automatisk freda. Dei utvalde kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa i kapittel 4 er dei som vi meiner at også Eid kommune bør ta eit særskilt ansvar for å formidle kunnskap om og verne om .

I kapittel 5 formidlar vi målsetjinga til Eid kommune om korleis vi kan leggje til rette slik at kulturminna blir ein ressurs i samfunnsutviklinga og korleis bidra til at private får kunnskap og midlar til å ta vare på kulturminna. Her er også målsetjing knytt til korleis kommunen kan følgje opp dei utvalde kulturminna gjennom formidling og vern.

I kapittel 6 er det ein handlingsdel som viser kva tiltak som blir prioriterte dei komande fire åra, og kva tiltak ein tenkjer skal kome i siste del av planperioden. Handlingsdelen skal rullerast og behandlast politisk kvart år, og prioritering av tiltak vil alltid måtte ta omsyn til kapasitet og ressursar.

2 Kulturarven i Eid

Eid si kulturhistorie strekker seg langt tilbake i tid og vi har mange kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som vitnar om dette. Under er det gjeve ein presentasjon av kulturarv frå eldre tid og nyare tid, og til slutt ein presentasjon av kulturarven i bygdene i Eid kommune.

2.1 Kulturarv frå eldre tid (9000 f.Kr.-1537)

I Eid kommune er det registrert fleire faste kulturminne i perioden frå 9000 år f.Kr. til 1537, dei fleste av desse kulturminna ligg meir eller mindre skjulte i terrenget. Det er også registrert mange lause kulturminne som er funne på ulike stadar i kommunen. Desse er bevarte ved universitetsmuseet i Bergen.

Funn, arkeologiske registreringar og utgravingar er bakgrunnen for at vi har så mykje kunnskap om denne perioden. Rapportar som omhandlar arkeologiske registreringar er å finne hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Medan rapportane som omhandlar arkeologiske utgravingar er å finne ved universitetsmuseet i Bergen.

Kulturminna frå eldre tid er automatisk freda etter kulturminnelova. Desse kulturminna er ofte svært sårbare ved bruk.


Under er det for kvar epoke gitt eit innblikk i historia og dei lokale kulturminna som vitnar om denne. Funna av kulturminne¹ frå dei ulike epokane er illustrerte på kart. Desse karta er utarbeidde av Eid kommune, basert på kjente registreringar, og avgrensa til kulturminne som er både kartfesta og tidfesta. I tillegg er det fleire registrerte kulturminne som ikkje er tidfesta og dermed ikkje kan vere med i desse illustrasjonane.

2.1.1 Eldre steinalder (9000-3200 år f.Kr.)

I perioden etter den siste store istida i Noreg, vandra folk til det som i dag er Noreg. Dei livnærte seg på jakt, fiske og sanking. Tidlege spor etter menneske er difor lokalisert på stadar der det var gunstige forhold for ferdsel, jakt og fiske.


I Eid er det gjort fleire funn av steinøkser frå denne tida. På garden Myklebust på Nordfjordeid er det funne ei steinøkse av diabas som er datert til eldre steinalder.

¹ Illustrasjonen i kartet er basert på registrerte, kartfesta og tidfesta kulturminne. Kjelde: Informasjon frå Universitetsmuseet i Bergen, arkeologiske rapportar (Fornminneseksjonen ved Universitetsmuseet i Bergen og arkeologiske rapportar i kommunen sitt arkiv), Arkeologiportalen, Askeladden og Kulturminnesøk.



2.1.2 Yngre steinalder (3200-1800 år f.Kr.)

I yngre steinalder vart folk i større grad bufaste. Livnæringa beveger seg difor frå å berre omfatte jakt, fiske og sanking til også å innebere husdyrhald og jordbruk. Frå denne tida er det i Eid gjort funn av sigd, økser, spydspissar og dolkar.



2.1.3 Bronsealder (1800-500 år f.Kr.)

Bronsealderen har sitt namn fordi det var i denne perioden at bronse vart tatt i bruk til utforming av våpen, reiskap og smykke. I denne perioden førte jordbruket til at fleire vart buande på ein stad, noko som førte til auka folketal.

Frå denne tida er det i Eid funne fleire spor etter dyrking, mellom anna på Ytre Hafsås, Golvsengane og Hjelle. Det er også registrert tre gravrøyser som er daterte til bronsealder; på Torheim, Ytre Reksnes og Skrede. Bergkunsten i Hennebygda er det mest spesielle funnet frå denne tida.




2.1.4 Jernalder (500 år f.Kr.-1050) (Vikingtid 800-1050)

Jern vart tatt i bruk til utforming av våpen og reiskap under jernalderen. Denne perioden varer fram til skriftelege kjelder vart vesentlege for kunnskapen om menneska sine liv og virke. Perioden omfattar også vikingtida.

I Eid veit vi at folk på denne tida var busette i heile kommunen. Dette vert stadfesta av svært mange funn av gravrøyser, reiskap og pyntegjenstandar som er daterte til jernalderen. Det er også registrert eit veganlegg gjennom Hogaåsen som er datert til jernalderen. Denne vegen gjekk frå Nordfjordeid nordover til Hjelmelandsdalen og derfrå vidare nordover til Sunnmøre.

Utgravingar av gravhaugane Rundehogjen og Skjoratippen på Myklebustgarden på Nordfjordeid syner at denne garden har vore eit maktsenter i vikingtida.



Filmen «Det brente skip» formidlar historia om vikingskipet som vart brent på Myklebustgarden og kong Audbjørn som vart gravlagt i det. Stiftinga Sagastad bygger på denne historia og skal hausten 2016 starte rekonstruksjonen av vikingskipet som det er funne restar etter ved utgravinga av gravhaugen Rundehogjen. Sagaløypa er ei kulturløype på Nordfjordeid, som tek utgangspunkt i historia knytt til Myklebustgarden og det som har skjedd rundt denne.


2.1.5 Mellomalder (1050-1537)

I overgangen mellom vikingtida og mellomalderen, vart Noreg samla til eit rike. Det vart ei fastare styringsform og

kristendomen fekk fotfeste. Etter alle funna frå jernalderen, skulle ein tru at det var gjort mange funn frå mellomalderen også, men slik er det ikkje. Ei av årsakene er innføring av ny religion og nye gravskikkar, som førte til at det vart slutt på at ein fekk med seg gjenstandar i grava. Dette er ein vesentleg grunn til at ein ikkje har eit like rikt gjenstandsmateriale frå denne tida som frå perioden før.

Kyrkjegardane i tilknytning til kyrkjene på Stårheim og Nordfjordeid er frå mellomalderen. På begge stadane har det vore fleire kyrkjer før dagens kyrkjer vart bygde på 1800-tallet. Dei eldste kyrkjene vart bygde i mellomalderen. Ein del steingardar kan truleg daterast til mellomalderen. Vi manglar kunnskap om steingardane sidan det ikkje har vore gjennomført ei fullstendig registrering av desse.

Den eldste registrerte bygningen i Eid, er ei bu frå sein mellomalder. Denne er å finne på Reksnes. Denne typen tømmerbygg er sjeldan også i landet, og er automatisk freda etter kulturminnelova.



Vi kan få eit innblikk i historia om Stårheimsætta, som var ei mektig slekt i mellomalderen, gjennom boka *Dronning Ingerid og bisp Nikolas* utgitt av Selja forlag i 2006. Tidlegare har både Edvard Os og Lars Myrøld skrive bøker om Stårheimsætta og Stårheimsdronninga.

2.2 Kulturarv frå nyare tid (1537-)

I Eid er det svært mange kulturminne frå nyare tid, altså frå tida etter 1537 til i dag. Gjenstandar, bygningar, anlegg og kulturlandskap er å finne i heile kommunen,

stort sett i privat eige. Ein del, spesielt gjenstandar, er å finne på offentlege museum, hovudsakleg ved Nordfjord museum. Private samlingar av gjenstandar har vore opne for publikum, til dømes i Holmøy Arbeidsskule, på Tippetunet og i låven på Sorenskrivargarden på Løkja.

Dei fleste kulturminne frå nyare tid har ikkje automatisk juridisk vern slik som kulturminne frå eldre tid. For desse kulturminna må ein difor ta stilling til om dei har verdiar som må vernast, og vidare følgje opp med lokalt vern gjennom kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningslova. For grupper av kulturminne som ikkje har eit vern, kan ei god oversikt sikre at ein kan skilje ut dei verneverdige kulturminna og identifisere kva som er verneverdig. Kulturminne inngår ofte i eit kulturmiljø, og då er det viktig å finne fram til dei felles verneverdiane for heile miljøet.

Ståande bygningar frå før 1650 har eit automatisk juridisk vern.

I Eid vart det gjennom SEFRAK-registreringa² registrert nærare 2500 bygningar i kommunen. Desse registreringane vart utførte i regi av Riksantikvaren i heile Noreg i perioden 1975 til 1995. I Eid vart det ikkje gjort ei nærare vurdering av verneverdien for desse bygningane. SEFRAK-registeret gjev likevel verdifull kunnskap om bygningane i Eid og kan nyttast som grunnlag for vurdering av kulturminneverdien. Det er også utført fleire kartleggingar av kulturlandskap i Eid kommune. I desse kartleggingane er verdivurderingane varierende.

Tilstanden til kulturminna i Eid er varierende. Mange kulturminne er tekne godt vare på, medan andre er prega av gjengroing og forfall.

² SEFRAK er forkorting for *SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg*.

Under er det gjeve ei oppsummering av historie og kulturarv etter inndeling i følgjande kategoriar: gardane, tru, ferdsel, næringsliv/offentlege tenester/strandsitjarstaden/ eksersisplassen og andre kulturminne. Det er gjort nærare greie for kva vern som gjeld for desse i kategoriane under.

2.2.1 Kulturminne knytt til gardane

Dei aller fleste gardane i kommunen har ei lang historie over fleire tusen år tilbake i tid. Det har sjølvstøtt vore endringar i driftsformene og eigedomsstrukturane. På 1800-tallet førte mekaniske landbruksreiskap til endringar i driftsformene. Dette førte til omfattande endring av eigedomsstrukturen, med endring frå mange små jordbrukslappar til større samanhengande jordbruksareal for kvart gardsbruk. Fram til denne utskiftinga hadde gardane felles klyngetun med fleire gardbrukarar i kvart tun. Oppløysinga av klyngetuna førte til ei omfattande flytting av bygningar til dei nye gardsbruka, i tråd med den nye eigedomsstrukturen. I seinare tid har driftsformene endra seg, spesielt med den stadige utviklinga av traktorar, landbruksmaskiner og meir effektiv produksjon.



Gamlestova på Haus – ei typisk Nordfjordstove. Foto: Ukjent fotograf.

Den typiske gardsstrukturen i dag er eit gardstun med konsentrasjon av bygningar, spreidde bygningar på inn- og utmark, seter i utmarka og for dei som ligg i tilknytning til sjø eller vatn; båtstøer og naust. I

eigedomsgrenser og i grense mot utmark kan ein ofte finne merkesteinar eller steingardar.

SEFRAK-registreringa har sikra kunnskap om dei fleste eldre bygningane på gardane. Dei fleste gardane har i meir eller mindre grad fått nedskrive si historie i ulike bygdebøker av eldre og nyare dato.

Setrane

På gardane er det omtrent berre setrane som har eit form for vern etter plan- og bygningslova i dag. Setrane har endra bruksform frå å vere i drift til rundt midten av 1900-tallet, til i dag å bere preg av å i stadig større grad bli nytta til tur- og fritidsformål.



Ossetra. Foto: Rita Kristin Åshamar (2016).

Ein del av setrane er registrerte³ i ulike kartleggingar, men vi har ikkje ei samla registrering av alle setrane i Eid. Vi har over 70 setrar i Eid kommune. Dei aller fleste er i kommuneplanen sin arealdel lagt inn med omsynssone for kulturmiljø, og det er gjeve retningslinjer for forvaltninga av desse.

For å få til ein god balanse mellom bruk og vern av setrane som har endra seg frå drift til fritidsbruk, har vi behov for meir kunnskap om felles kulturminneverdiar i desse kulturmiljøa. Samtidig bør ein finne ut kva rom ein har for endring for å tilpasse setrane til ny bruk.

³ Hjellesetra, Øvre Åse, Lotsstøylen og Lotsbergstøylen, Tippasætra, Bjørhovdesætra, Sevlandsætra, Naustdalssætra, sjå nære omtale under *kulturlandskap*. Setrane i Hjelmelandsdalen vart verdivurdert i kommunedelplan for Hjelmelandsdalen.

Fjordhesten og laksen

Fjordhesten vert rekna som Noregs nasjonalhest, og er ein av tre nasjonale hesterasar. På Vestlandet, og i Eid har fjordhesten vore viktig for gardsdrifta som arbeidshest i jord- og skogbruk.



Om vinteren vart fjordhesten nytta til å transportere tømmer. Foto: F.H.A. L. Lunde (1940-talet)

Statens Hingsteutstilling for fjordhest har vore arrangert på Nordfjordeid sidan 1886. Eid står i ei særstilling når det gjeld ansvar for å ta vare på fjordhestrasen. Norsk Fjordhestsenter på Nordfjordeid, det nasjonale senteret for avl og bruk av fjordhest, er viktig i dette arbeidet.

Laksebestanden i fjord og elv har for mange gardar i Eid vore ei viktig kjelde for mat og som tilleggsnæring. Også anna fiske har vore viktig. Gardane som ligg langs fjorden har område med naust der det har vore gunstig å kome i land med båt. Nausta er utforma på ulikt vis ulike stadar i kommunen.



Laksefiske. Foto: Øystein Torheim

Båtstøene og naustmiljøa som er så typiske for gardane si tilknytning til sjøen får gamalt av, står i fare for å forsvinne. På same måte som for setrane har desse områda endra bruk frå livnæring til fritidsformål.

Vi manglar kunnskap om båtstøene og naustmiljøa sidan det ikkje har vore gjennomført ei fullstendig registrering av desse.



Båtstøer i Årdalsvika. Foto: Cecilie Marie Åshamar (2016).

Kristoffernaustet på Lote er eit over 100 år gammalt tre-etasjes grindbygg, som vart sett i stand i 2011/2012 etter initiativ frå eigar Einar Lote.

Kulturlandskap

I 1992 vart det utført ei kartlegging av *Kulturlandskap og kulturmarktypar i Eid kommune* av Sogn og Fjordane distriktshøgskule⁴. Rapporten tek for seg atten område og inneheld både verdivurdering og forslag til skjøtselstiltak for desse. Dette er område som Øvre Lid, Fletene, Reksnes, Hjellesetra, Torheimsnes, Verås, Flatene, Ytre Åse, Øvre Åse, Ytre Hendne, Haus, Indre Furefjerding, Ytre Furefjerding, Leirvika, Føllesdal, Indre Torheim, Lotsstøylen og Lotsbergstøylen og Lefdalsnes. Verdivurderinga manglar konklusjonar med tanke på behov for vern. Det er ikkje alle områda som har eit vern per i dag.

⁴ Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Rapport nr. 27.

Ein del kulturlandskap er også trekte fram i rapport om *Biologisk mangfald i Eid kommune* utarbeidd av Miljøfaglig Utredning i 2002. Også denne rapporten omfattar verdivurdering av atten kulturlandskap som slåtteeenger, naturbeitemark og hagemark. Dette er område som Roti, Alflotvatnet, Tippasætra, Bjørhovdesætra, Sevlandsætra, Naustdalsætra, Sørland, Skrede, Hjellesetra, Fletene, Reksnes, Øvre Åse, Ytre Furefjerding, Lefdalsnes, Horn og Gjeddalen. Av desse har områda som var vurderte til *svært viktige* som kulturlandskap, eit vern gjennom omsynssone i kommuneplanen sin arealdel. Dette er områda på Roti, Sørland og Øvre Åsane.

2.2.2 Kulturminne knytt til tru

Nordfjordeid og Stårheim er dei to eldste kyrkjestadane i Eid kommune, med røter tilbake til tidleg mellomalder. Kyrkjene som står på desse stadane i dag, vart bygde i siste del av 1800-tallet. Dei to andre kyrkjene i Eid, Heggjabygda og Kjølsdalen, vart bygde i første halvdel av 1900-tallet. Både ved desse og på Haugen og Stokkenes, er det i dag offentlege gravstadar. I Holmøyane er der ein privat gravstad frå nyare tid. Det er også eit bedehus på Nordfjordeid, Betania.

Delar av kyrkjegardane ved Eid og Stårheim kyrkje er automatisk freda då desse har lege på same stad sidan tidleg mellomalder. Eid og Stårheim kyrkje er listeførte kyrkjer og har dermed ein nasjonal verdi. Forvaltninga av desse skal skje i tråd med rundskriv *T-3/00 Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*. Også i nærområdet til desse kyrkjene skal det takast omsyn til dette.

Heggjabygda og Kjølsdalen kyrkje, kyrkjegardane og Betania har ingen form for vern med utgangspunkt i kulturminneverdiane.



Gravstein forma som eit kors, ved Eid kyrkje. Foto: Anne Lene Lillegraven (2016)

Historiene om Eid kyrkje og Stårheim kyrkje er nedskrivne i bøker utgitt av sokneråda i samband med dei respektive 150-årsjubilea for noverande kyrkjer. Tidendesteinen utanfor kyrkjegarden ved Eid kyrkje er restaurert, og ved den er det sett opp skilt med informasjon om både tidendesteinen og kyrkja.

2.2.3 Kulturminne knytt til ferdsel

Fram til nyare tid var båten og hesten dei viktigaste framkomstmiddela. Dette gjorde fjord og sjø til hovudferdselsårer. Namnet Eid har sin bakgrunn i ferdsel mellom Eidsfjorden og Hornindalsvatnet, ein lett landpassasje mellom to hovudferdselsårer.

Vegane mellom bygdene langs fjord og vatn gjekk ikkje langs stranda slik som vegane ligg i dag, men over skar i dei lettaste fjellpartia. Det er først i seinare tid at vegane som vi kjenner dei i dag, vart etablerte. Hovudferdselsårene med båt på tvers av fjord og vatn gjorde at bygdene på kvar side av

fjorden/vatnet hadde tett kontakt. Ofte tettare kontakt enn med nabobygdene langs fjorden/vatnet.

Kyrkjene vart lokaliserte på stadar i nærleiken av fjord eller sjø, på stadar der det var gunstige forhold å legge til med båt. Før det vart bygd kyrkjer i Kjølisdalen og Heggjabygda, sokna desse bygdene til kyrkjene i Davik og Hornindal. Dette vitnar om kor viktig fjord og sjø var som ferdselsåre. I dag har vi fleire kulturminne som gamle veganlegg, merkesteinar og kaier som vitnar om denne historia.

Ei tid gjekk postvegen mellom Bergen og Trondheim frå Gloppen til Hundvik, over land til Hundeide, med båt til Naustdal og over land vidare nordover Brekka til Bjørkedalen og vidare til Volda. I dag er spesielt den delen av vegen som går over Brekka eit viktig kulturminne. Denne vegen er populær som turmål.

2.2.4 Kulturminne knytt til næringsliv og offentlig tenesteyting, strandsitjarstaden, eksersisplassen

Næringslivet i Eid har alltid vore mangfaldig. Landbruk er den eldste næringa og denne står framleis sterkt i kommunen i dag.

Kulturlandskapet er prega av dette. Tømmer har frå gammalt av vore viktig, og sjølv sagt også tømmerfaget. Til dømes var det lag med kyrkjebyggjarar som reiste rundt og bygde kyrkjer når den mest hektiske tida med slåttonna var over⁵. Også møbelsnekring var ein viktig næringsveg, mellom anna Holmøy Arbeidsskule vitnar om dette. Det er fleire sager i tilknytning til elvane i kommunen. Etter kvart vart kraftproduksjon viktig.

Kraftstasjonen ved Kviefossen er i dag eit viktig kulturminne. Også handel, turisme, offentlege arbeidsplassar som kommunen,

⁵ Kjelde: Trygve Espe.

skule og sjukehus har vore viktige næringar i Eid.

Yris hotell, som var ein stor gjestgjevargard, er i dag freda. Andre næringsbygningar, utover dei som inngår i trehusmiljøet i Eidsgata og Tverrgata, er i dag ikkje verna.

Offentleg tenesteyting

Nordfjord sjukehus er eit viktig kulturminne i Eid, som vitnar om historia om oppbygging av helsevesenet. I boka *Eid herad gjennom hundrad aar, 1837-1937* av A.O. Rindal er historia om helsestellet i Eid nedskriven. I denne boka står også historia om kommunen, eller herad som det heitte då, og kva oppgåver som vart gjort av det offentlege i denne tida.

Skulehistoria i Eid er spesiell. Holmøy Arbeidsskule frå 1858, var den første snikkar-/arbeidsskulen i Skandinavia. I kulturminneåret 1997 vart Holmøy arbeidsskule kåra til Eid sitt kulturminne.

På Nordfjordeid var det ei "skuleklynge" bestående av Kragseth Handelsskule frå 1932, Eids gymnas med toårig linje får 1922 og seinare yrkesskule. Ei tid var det både blå-, raud- og svartruss på Eid. Historia om Eids gymnas er nedskriven av Trygve Espe og Kjell Nøstdal i boka *Har du òg gått på Eid?*

I tillegg har vi ei rik skulehistorie knytt til folkeskulane i alle bygdene i Eid. Historia er nedskriven av Aud Hjelle i boka *Skulane før og no*.

Sorenskrivarar har halde til i ulike bygningar. Sorenskrivargarden på Leikvin er i dag freda. Andre offentlege bygningar er i dag ikkje verna.

Strandsitjarstaden og Eksersisplassen

Framveksten av tettstaden Nordfjordeid som vi ser den i dag, starta med Tverrgata og Eidsgata frå midten av 1800-talet til utpå 1900-talet. Eidsgata og Tverrgata var ein

strandsitjarstad. Det var gardbrukarane som gav folk løyve til å setje opp hus i utkanten av landbruksjorda mot sjøen. Dei som sette opp hus eigde husa som dei budde og dreiv næring i, men ikkje sjølve jorda dei stod på.

Nordfjordeid sitt særpreg kjem av kulturmiljøa frå nyare og eldre tid. Dei eldre trehusmiljøa Eidsgata og Tverrgata har eit lokalt vern gjennom reguleringsplanar etter plan- og bygningslova. Tettstaden er framleis i utvikling og det er difor viktig å finne balansen mellom bruk og vern. Det er etablert eit fagråd som skal gje råd i saker som handlar om det eldre trehusmiljøet i Eidsgata og Tverrgata.



Det unike trehusmiljøet i Eidsgata, sett frå kyrkjetårnet.
Foto: F.H.A. L. Lunde

Etablering av eksersisplassen har vore viktig for utviklinga av Nordfjordeid som handelsstad og tettstad. Eksersisplassen var landets første militære øvingsplass etablert i 1649. Dei gamle trealleane som vart planta under andre verdskrig, gjev området eit særpreg. Området har per i dag ikkje eit juridisk vern.

I 2014 vart tre område på Nordfjordeid tekne med i Riksantikvaren sitt NB!-register over nasjonalt verneverdige by- og tettstadmiljø: Myklebustgarden med gravhaugar frå vikingtida, trehusmiljøet i Eidsgata og Tverrgata frå nyare tid og eksersisplassen.

Sagaløypa formidlar litt av historia om strandsitjarstaden og eksersisplassen. På Eksersisplassen er det sett opp eigne

informasjonskilt. Det er fleire stadanalysar som syner kvalitetane ved bygningsmiljøet. SEFRAK-registreringane er også ei viktig kjelde til informasjon. I 2014 vart det utført ei registrering av historia om strandsitjarstaden og eksersisplassen.

2.2.5 Andre kulturminne

Vi har som sagt eit mangfald av kulturminne og kan sjølv sagt ikkje nemne alt. Her nemner vi nokre til, som ikkje inngår i kategoriane over.

Kultur- og idrettslivet i Eid er ein del av den immaterielle kulturarven. Her har vi også ei spesiell historie, fordi det allereie på 1800-talet vaks fram eit rikt lags- og organisasjonsliv knytt til militæraktiviteten. Eid Idrettslag vart skipa allereie i 1866. Eid Musikklag i 1914, men med ei minst 30 år lenger historie som militært musikkorkester. Det har og vore eit aktivt losjemiljø i Eid kommune, knytt til fråhaldsrørsla. Sjølv sagt også eit rikt mangfald elles som er nemnt i kapittel 2.3.

All aktiviteten har ført til eit stort behov for forsamlingslokale. I bygdene kan ein finne fleire ungdomshus og skulehus som den dag i dag vert nytta som forsamlingslokale.

Veten og Åsebønakken var frå gammalt av brukt som ein del av forsvarsverket. Her vart det kveik opp bål for å varsle vidare til andre vardar. Det er reist minnesmerke på begge stadane, ein varde på Veten og ein bauta på Åsebønakken. Desse minnesmerka er også viktige kulturminne.


I fjorden, rett utanfor Nordfjordeid sentrum, ligg restar etter det tyske skipet Wartherland som vart bomba under andre verdskrig. Denne lokaliteten er automatisk freda.

2.3 Kulturarv – bygd for bygd

Under er det gjeve ein presentasjon av dei ulike bygdene i Eid.

2.3.1 Kjølsdalen

I 1965 vart 654 innbyggjarar, frå det som då heitte Davik kommune, overførte til Eid kommune. Davik kommune vart historie, og området frå og med Lefdal i vest til Reksnes i aust vart ein del av Eid kommune.⁶



Klyngetunet på garden Myklebust i Kjølaldalen, kring 1870. Kjelde: Kjølaldalen krins utviklingslag, artikkel v/Rønnaug Leite.

Også i Kjølaldalen var der i vikingtida ein gard med namnet Myklebust – eller Myklebustad. I Ålandsboka frå 1939 skriv Jakob Aaland at Myklebustad og Berstad truleg var ein storgard som vart delt i to i vikingtida. Bjørgvins Kalveskinn jordbok skriven i tida 1305-1350, nemner garden Myklabostad i Kjølaldalen og at garden var ein av dei eldste i Davik og størst i Davik-soknet. Det skulle vere lensmann Peder Gregoriusson (d 1852) som fekk endra gardsnamnet Myklebustad til bygdenamnet: Kjølaldalen.⁷

Vellekvia

I same området som nemnt over, ligg der også to freda gravrøyser frå eldre jernalder. Noko som også tyder på busetnad i same området tilbake til jernalderen. Truleg også før. Eine røysa vert kalla Kjemhaugjen, og den andre vert kalla Offerplassen. Samlinga har ei utstrekning på ca. 30 m NØ-SV, ca. 10 m SØ-NV. Samlinga inneheld restane av to gravrøyser. I NØ-kant står ei helle med notidig minneinnskrift. Hella er frå ei gravkiste i røysa som inneheldt ei mannsgrav frå eldre jernalder med m. a. sverd, spyd, kniv og

⁶ Kjelde: SSB rapport 99/13 Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen v/Dag Juvkam

⁷ Kjelde: KKUL artikkel v/Rønnaug Leite

leirkrukke. I utkanten av røysa vart det dessutan funne ei leirkrukke frå folkevandringstida, om moglege restane av ei grav nummer to.⁸



Hella på Kjempehaugen. Her kan ein lese tala 500 og 1906 og sjå ei inngraving av spyd. Foto: Kjell Sundal.

Kyrkja i Kjølaldalen

Gamle Davik sokn hadde ingen kyrkjer på nordsida av fjorden. Det var rimelegvis ikkje heilt problemfritt å ta seg til kyrkja for dei som budde på nordsida. Reidun Kjøllesdal (artikkel som ligg på KKUL) viser til mange forsøk på å få kyrkje her, og i 1917 vart det sendt søknad om løyve til å skipe ein gravstad i Kjølaldalen. Denne vart imøtekomen og i 1928 var gravstaden klar til bruk. På same tid vart det organisert innsamlingsarbeid med mål å få bygd ei kyrkje her. Her var basarar, kyrkjestemne på Kjølaldalssetra, listeinnsamling og det vart gjeve ein del pengegåver. I 1935 vart det vedteke å starte byggeprosessen, teikningane frå Hildrestrand kyrkje vart nytta og i 1938 tok grunnarbeidet til. Det var mykje dugnadsarbeid på grunnarbeidet, og firma Tennøe og Skaar frå Brattvåg stod for sjølv oppføringa. Kyrkja stod ferdig i 1939 og vart vigsla i 1940. Dei samla kostnadene til kyrkja var på kr. 34.000,-. Av dette var kr. 20.000,- innsamla midlar.

⁸ Kjelde: Kulturminnesøk.no



Kjølaldalen kyrkje. Foto: Cecilie Marie Åshamar (2016).

Draumkvede «Om kyrkja i Kjølaldalen» frå 1909 Av Peder O. Myklebostad (1858-1940).

- | | |
|---|---|
| 1. <i>Kyrkja kjem ein gong i dalen, Tårn skal peike høgt mot sky. Her vert kvild i heimhagen Til det nye morgongry. Folket her hev lenge vona At den dagen koma må, Då den breide fjorden hindrar Den som vil til kyrkje nå.</i> | 3. <i>Stongi oppå høge tårnet Viser vegen som Han for, Hovdingen, Guds son einborne, Han, vår frelsar, god og stor. I vår sjel og hug må brenna Lengsel til den same veg. Kyrkjetårn, peik du mot stjerna Som oss upp til himlen dreg!</i> |
| 2. <i>Gamle klokka då skal ljoma, vakna opp frå kvila lang, Spela opp dei gamle tonar, So det høyrest yver vang. Ho er frå eldgamle dagar, Fyre svartedaudens tid, Mang ein trøytt ho heim hev kalla Til si kvild frå livsens strid.</i> | 4. <i>Fjortan hundrad år attende Syner her no fedrars grav, Kvilestaden som dei gøymde, Som deim fedrajordi gav. Vi må hava same hugen, Leva i vår heimebygd. Fyrst arbeida, stød og trugen, Og so sova her i trygd.</i> |

Vegen Stårheim-Kjølaldalen

Frå eldgamle tider har det gått ein ride- og drifteveg vestover frå Nordfjordeid til Stårheim. Einskilde stader, som på Rød og i Orheimsvika, kan ein enno finne merke etter denne vegen. I 1890 reiste formannskapa i Eid, Selje og Davik krav om at det måtte byggjast

veg frå Stårheim og heilt vestover til Ulvesundet – det vil i praksis seie til Deknepollen ved Måløy. Men kravet fekk ikkje støtte i vegnemnda i fylket. Det fekk halde med ein rideveg på denne strekninga, meinte dei. I 1890 vart likevel parsellen Stårheim-Kjølsdalen prioritert for både stats- og fylkestilskot. Denne vegstrekninga vart bygd som bygdeveg i åra mellom 1910 og 1916.

Vegarbeidet vestover frå Kjølsdalen starta i 1922, delvis finansiert som naudsarbeid. Vegen var ferdig ut til Haus i 1928. Derfrå gjekk det ferje til Maurstad. Sambandet til Maurstad vart fullført med tunnelgjennombrøtet i Vindfylla i 1938. Då krigen kom stod det berre att nokre korte parsellar mellom Bryggja og Deknepollen. Siste parsellane på riksvegsambandet Nordfjordeid-Måløy vart formelt overleverte i 1950, men det hadde skjedd mykje før den tid: Det allierte kommandoraidet mot Måløy 3. juledag 1941 kom som eit sjokk på tyskarane. Den lokale kommandoen for dei tyske styrkane i Måløy og kanonane på Tangane sat då på Nordfjordeid og utan moglegheit til å sende forsterkingar ut til kysten. Etter Måløyraidet, la difor tyskarane mykje inn på å forsere vegsambandet mellom Nordfjordeid og Måløy. Dei bygde difor ein mellombels veg over Almenningsfjellet i Vågsøy som seinare vart avløyst av ein vel 300 meter lang tunnel. Dette sambandet vart opna i 1943.⁹

Reksnes Ytre og fornminne

På Ytre Reksnes ligg der ein stor gravhaug. Den skal vere ei av dei størst gravrøysene på Vestlandet. Det vart ikkje funne noko i røysa då det tidleg på 1900-talet vart grave i den.

På Ytre Reksnes, bnr. 1, ligg der ei freda mellomalderstove (buda). Bjørgvin Kalvskinn omtalar garden Rygsnesi. Jon på Rixness er nemnd som jordegodseigar i 1520.

⁹ Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.Allkunne.no).

Det ligg fleire gravrøysar langsmed fjorden, og det er funne ymse fornminne. Longeripa er ei gravrøys som er klart markert og godt synleg frå fjorden. Denne er datert til bronsealder/jernalder. På Ytre Reksnes er det også eit gravfelt frå yngre jernalder.¹⁰

Naust/båttøer

Båttøene på Reksnes, der gardane på Tømmerstøl og Årdal hadde grunn til naust og båttøer, er godt bevart og er eit viktig kulturmiljø.

Steinkrossen på Midthjell



Krossen som står der i dag er ein kopi av ein steinkross frå vikingtid/mellomalder. Foto: Cecilie Marie Åshamar (2016)

Sagnet om Midthjellkrossen

Biskop Neumann fortalde sagnet som er knytt til krossen. Sagnet kan forklara den uvanlege plasseringa.

Opphavleg stod krossen høgt oppe på den bratte stranda som heiter Krossstranda.

Fogden i Davik flytte krossen til eigedommen sin på andre sida av fjorden, ikkje langt frå Davik kyrkje. Etter dette vart det kvar natt eit slikt leven at alle naboane vart forstyrta.

Folk kravde då at krossen skulle først attende over fjorden slik at det blei fred. Det vart gjort, men dei makta ikkje å få den opp den bratte stranda, og krossen vart velta ut i fjøra der Neumann fekk sjå den.

Kjelde: KKUL – artikkel v/Rønnaug Leite

¹⁰ Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.Allkunne.no).

Foreiningsliv

Som i dei andre bygdene i Eid, var det eit mangfaldig foreiningsliv. Musikk har lange tradisjonar. Mange spelte trekkspel og det var felespelarar på alle gardane. I dag kan vi sjå dette igjen både gjennom eige spelemannslag (Vindfylla spelemannslag) og korps av høg kvalitet. Mattradisjonane er også sterke i Kjølisdalen. Fleire har også hatt eigne næringsbedrifter knytt til mattradisjonane.

Gamlestova på Haus

Dette er ein av dei eldste bygningane på Haus. Opphavleg var det hovudhuset på gard 106/5. Det blir no restaurert og reparert. Hovudhuset på gard 106/5 frå ca. 1800.¹¹

Huset består av en stor murkjellar der det truleg vart oppbevart mat i den inste delen. Murane har halde seg flott og med mange flotte heller. I hovudetasjonen er der ei stor stove, eit lite kjøkken og eit soverom. Austre delen av bygget blei mest brukt som grovkjøkken der dei vaska klede og der den store grua blei brukt til å varme vatn og steike brød. I grinddelen i aust vart ved og reiskap oppbevart. På 1940-talet blei der halde vevkurs i huset, og det budde folk i huset heilt fram til midten av 1950- talet. Då der vart straum rundt om i bygdene, vart dette også installert i gamlestova.

2.3.2 Stårheim

Stårheimsætta

Stårheimsætta med sete på Stårheim var ei svært mektig stormannsætt i dei urolege borgarkrigsåra på 1200-talet. Den stod på høgda av makta då dronning Ingerid gifta seg med lendmannen Arne på Stodrheim og m.a. fekk sonen Nikolas som vart bisp og leiar for baglarane i oppgjera med kong Sverre Sigurdsson.



Stårheimstunet. Foto: Ottar Starheim, NRK Sogn og Fjordane.

Midt på 900-talet vart makta truleg flytta hit som den leiande hovdingætta i Nordfjord. Det gjekk då mot slutten for storfolket på Myklebust på Nordfjordeid. Lendmann Arne på Stodrheim kalla seg også Arne Kongsmåg fordi han var gudfar og næraste rådgjevar til barnekongen Magnus Erlingsson. Arne vart gift med ei svensk prinsesse, Ingerid. Ingerid fekk norsk dronningtittel då ho ei tid var gift med kong Harald Gille (1103-1136). Då Harald Gille vart snikmyrda, gifta ho seg med Ottar Birting i Trøndelag. Då Ottar Birting vart drepen i 1146, gifta ho seg med Arne på Stårheim, som vart den fjerde ektemaken hennar.



Kongsmåg Arne Ivarsson Stårheim, tolka av Inge Rotevatn. Kjelde: NRK Sogn og Fjordane fylkesleksikon v/Ottar Starheim.

¹¹ Kjelde: Kulturminnesøk.no

Dronning Ingerid Ragnvaldsdotter og Arne på Stodheim vart foreldre til tre søner og ei dotter. Eitt av borna var bisp Nikolas Arnesson. Nikolas vart leiar for baglarane som slost mot kong Sverre Sigurdsson i den blodige borgarkrigstida. Nikolas Arnesson fekk seinare tilnamnet "Baglar-bispen". Om bisp Nikolas vart det sagt at han var ein av dei best utdanna geistlege i Norden på den tida, og skipet hans skulle difor ha heitt "Bokskreppa".¹²

Nikolas Arnesson er framstilt i Henrik Ibsens skodespel Kongsemnerne. Han er hovudpersonen i Ragnhild Magerøy sine historiske romanar Nikolas og Baglerbispen. I 2006 gav Selja forlag ut den populærhistoriske boka Dronning Ingerid og bisp Nikolas, av Frode Hervik, Yngve Nedrebø og Berit Gjerland.¹³



Minnestein over Stårheimsætta, ved kyrkja på Stårheim. Foto: Cecilie Marie Åshamar (2016).

¹² Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)

¹³ Kjelde: Wikipedia.org

Matias Orheim

Matias Orheim, 1884-1958, vaks opp på garden Orheim på Stårheim. Han var lekpredikant og salmediktar. I ettertid er han mest kjend som salmediktar, men i si samtid var han mest kjend som den blinde mannen som i 55 år reiste land og strand rundt som forkynnar og folketalar. Kona Maria var med Matias på mange av reisene hans og hjelpte han med det han ikkje klarte på grunn av synet.



Minnestein over Matias og Marie Orheim, laga av bilethoggar Anne Grimdalen. Foto: Cecilie Marie Åshamar (2016).

Orheim var sterkt påverka av Haugerørsla (Hans Nielsen Hauge). Han freista m.a. å få freda den «historiske» stova på Hyeneset (Gloppen) der Hauge heldt sine møte på vitjingar til bygdene kring Hyefjorden, men den vart riven i 1964. Hauge var også på Stårheim. Orheim og resten av misjonsfolket i Nordfjord fekk i 1923 reist Nordfjord Ungdomsskule på Vereide som ei «motvekt» mot det «frilynde» Firda Gymnas som var starta på Sandane året før.

Matias Orheim skreiv om lag 1000 dikt og sette tone til fleire av dei. Kyrkjehistorikar Oscar Handeland har sagt at Orheim var med og «kristna nynorsken». Nynorsken som av mange vart sett på som eit «fritenkjarmål». Matias Orheim fekk Kongens fortjenestemedalje i gull i 1953. På garden på Orheim er det i dag eit museum over Matias Orheim.¹⁴

Kor mykje stort, kor mykje gildt (song av Matias Orheim)

*Kor mykje stort, kor mykje gildt, kor mykje herlegdom,
dei unge får som kjem til Gud og tidleg vender om.
Når berre Jesus vinna får det ungehjarta fullt,
og allting opp i dagen ligg og ingenting vert dult!*

Ref.

*Fryd, ja ungdomsfryd vår Frelsar nå oss byd,
me derfor kjem som dogg i glans kring Kristi kross i krans,
og bøygd for Herren syng eg her i frelsens ståreskrud,
det venaste syn som eg får sjå, er unge på kne for Gud!*

Orheimsvika

Ei kulturhistorisk registrering i 2008 i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune, påviste ei rekke kulturminne i Orheimsvika, gnr. 73 m.fl. Registreringa synte eit område som har vore i bruk i svært lang tid.



Kulturlandskap i Orheimsvika. Kjelde: Rapport frå kulturhistorisk synfaring/registrering på gnr./bnr. 73/1,3,4.

Det vart påvist sjøveg, rydningsrøyser, ekre (liten åker), tufter, steingardar og eit omfattande mølle- og/eller sagbruksystem.

¹⁴ Kjelde: Norsk biografisk leksikon

Kolprøver frå ein åker gav datering til eldre bronsealder. Orheim er nemnd i skriftlege kjelder i 1601, men garden er nok mykje eldre då gardsnamnet har opphav i jernalderen. Alle anlegga inngår som viktige deler av eit heilskapleg kulturlandskap på Orheim.¹⁵

Lastebilkultur

Fleire dreiv med lastebil på Stårheim. Yri er eit namn vi gjerne set i samband med transportnæringa. «Alle» på Stårheim må ha prøvd å køyre lastebil ein gong. I dag har dei sin eigen lastebildag, og det er ein relativt høg konsentrasjon av dei som har lastebilsertifikat.

2.3.3 Haugen

Naustdal og Løkjaneset var tidlegare ein sentral stad i Nordfjord, men endringane i kommunikasjonane gjorde at Nordfjordeid etter kvart overtok som sentrum.

Garden Løken

Om lag åtte kilometer vest for Nordfjordeid, på Løkja, ligg den gamle garden Løken. Det opphavlege namnet på garden skal vere Leikvin, eit namn som syner til at staden har vore ein samlingsplass og eit kultursenter for folk i førkristen tid. Garden er ein av dei eldste i bygda.

I mellomalderen var garden sete for ei stormannsætt, m.a. var den ættegarden til Einride Simonson Lagmann som var lagmann i Bergen frå 1300-1330. Også i tida etter reformasjonen, var garden adelsgods og også eigd av bergenske byborgarar. I 1690 busette sorenskrivar Jacob Henrichsen seg på garden, og truleg vart garden sorenskrivargard frå byrjinga av 1700-talet.

Peter Harboe Frimann jr. hadde arva Leikvin etter faren Claus Frimann. Då Peter Harboe Frimann døydde i 1846, vart det meste av jordbrukslandet på Løkja selt til gardbrukaren,

¹⁵ Kjelde: Sogn og Fjordane fylkeskommune: Rapport frå kulturhistorisk synfaring/registrering på gbnr. 73/1,3,4

medan sorenskrivar Wilhelm Huitfeldt kjøpte sjølve tunhusa på Leikvin og litt jordveg ikring.¹⁶

Sorenskrivargarden

Hovudbygningen som står på Leikvin i dag, er freda. Det var sorenskrivar Johan Daniel Stub som kring 1790 sette opp den noverande hovudbygningen. Byggmeister var Ola (Haugen) Olsen Nord, som også bygde Boalthgarden på Gjerde i Eid. Bygningen er 27 m lang og 11 m brei. Interiøret vart både standsmessig og tidsmessig utstyrt. Salane i huset vart m.a. pryda med hollandske tapetmålari og dekorasjonar i hyrdestil måla direkte på veggene. Hovudbygningen på Løken har ei samla golvflate på kring 600 m².



Sorenskrivargarden på Leikvin. Foto: Ottar Starheim, NRK Sogn og Fjordane

I 1803 vart sorenskrivargarden på Løken selt på auksjon til diktarpresten Claus Frimann i Davik. Garden var i familien Frimann si eige til han på ny vart seld på auksjon i 1846. Også i perioden 1803 til 1846 budde det sorenskrivarar her, sjølv om garden var eigd av andre.

Staten overtok Løken i 1862, og frå då av var Løken både bustad og kontor til sorenskrivaren i Nordfjord. I perioden mellom 1700 og 1957 budde 20 av dei 32 sorenskrivarane i Nordfjord på Løken. I 1957 vart sorenskrivarkontoret flytta til

¹⁶ Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon /Ottar Starheim (www.allkunne.no)

Nordfjordeid, og Eid kommune kjøpte den gamle embetsmannsgarden på Løken.

Bygningen vart ståande tom etter 1957. Bygningane var då i heller dårleg stand. Riksarkitekten skreiv i sin rapport at huset var «for makkete til å lata seg reparera». Men i samarbeid mellom kommunen og fortidsminneforeninga vart det gjort ein del sikringsarbeid og restaurering slik at husa vart redda.¹⁷

«Som Englar frå himmelen»

I 1974 selde Eid kommune den gamle sorenskrivargarden til Inge Rotevatn og Siv Jørstad for kr. 100,-. Dåverande ordførar Lars Myrøld kom med den så treffande uttalen: «Du og huslyden din kjem som englar frå himmelen». Under Rotevatn si styring vart det løyvt pengar både frå Riksantikvar, kulturråd og dei fekk finansiering gjennom Husbanken. Dei måla tapetane i storstova i våningshuset med romantiske og dramatiske landskaps- og figurscenar er særleg interessante kulturminne. Her er dører, listverk og låsbeslag av høg kvalitet, prega av ein stilmessig overgangsfase frå barokk til rokokko. Hovudinngangsdøra og partiet rundt denne er også verneverdig. I tillegg til mange andre vakre dekorasjonar som er verdt å ta vare på. Diverre vart noko av heilskapspreget øydelagt både innvendig og utvendig under vedlikehald av husa på 1890-talet.

Etter restaureringa som vart gjort av Inge Rotevatn då han overtok huset på 1970-talet, framstår huset som eit av dei mest staslege og best bevarte herskapshusa frå denne tida i Sogn og Fjordane. Rotevatn og Jørstad opna galleri i dei restaurerte salane og dreiv Leikvin Kultursenter frå 1976 til 1996. I desse åra var Leikvin eit av dei viktigaste sentra i fylket for kunstutstillingar, konsertar og andre kulturarrangement. Ekteparet fekk både

¹⁷ Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon /Ottar Starheim (www.allkunne.no)

Fylkeskulturprisen og Eid kommune sin kulturpris for arbeidet dei la ned på den gamle sorenskrivargarden.¹⁸

Gardsmuseet på Løkja

Inge Rotevatn etablerte eit gardsmuseum i den gamle låvebygningen på garden. Eid kommune overtok låven i 1988. Gjenstandane i museet er framleis i gardane, der gjenstandane kom i frå, sitt eige.

Naustdal

Naustdal er ein gamal gard, truleg frå tidleg jernalder. Det er funne spor og leivningar etter fastbuande folk frå den tida. På Harald Hårfagre si tid budde det storfolk på Naustdal. Snorre Sturlason fortel om småkongen Vemund som heldt gjestebod med 90 mann på Naustdal då Ragnvald mørejarl kringsette husa og brende fiendane sine inne kring år 870.



Naustdalstunet. Foto: Ottar Starheim, NRK Sogn og Fjordane.

Segna seier at bautasteinen på bnr. 5 er reist i nærleiken av den brende bygningen. Naustdal var og bustad for Eilivs-ætta på 1200 talet etter som Jacob Åland skriv i bygdeboka EID-HORNINDAL. Dei levde fram til 1425. I 1520 var der berre to bruk. Slik har det truleg vore frå eldgammal tid. Dei hadde kvart sitt tun. I dansketida var Naustdal adeleg setegard (ein av i alt 100 i Noreg), noko som betyr at adelsmenn var fritekne for skatt og tiende. I

¹⁸ Kjelde: SFFarkiv.no/www.allkunne.no

1626 var det den danske adelsmannen Chr. Ulfeldt som eigde garden.¹⁹

Bautasteinane på Naustdal

Bautasteinane på Naustdal er omtala mellom anna i "*Norske Fornlevninger*", der det heiter at dei er vakre og iaugefallande fortidsminnesmerke av stor interesse. Slike bautasteinar er rimeleg sjeldne. Frå Bergen Museum heiter det i 1910 om bautasteinane ved sjøen: "*Den er ikkje berre eit merkeleg historisk minnesmerke, men også ein av dei vakraste bautasteinane på Vestlandet.*" Frå 1910 ligg det føre to skisser av Eilert Mehl der nøyaktige mål er påsett. Soknepresten i Eid, Johan Herman Lie, skriv i 1845 i eit tilsvar til Kirkedepartementet: "*De eneste Mindesmærker fra Oldtiden i Eids Præstegjeld som synes at fortjene oppmerksomhet ere tvende Bautastene pa Gaarden Nøstdal.*"²⁰



Bautastein på Naustdal. Foto: Ottar Starheim, NRK Sogn og Fjordane.

¹⁹ Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no) og www.hjalma.no/kultur

²⁰ Kjelde: www.hjalma.no/kultur

Tippatunet

Tippatunet ligg vakkert til mellom sjøen og riksveg 15 omlag 5 km vest for Nordfjordeid sentrum. Her er gardsmuseum med utstilling av gamle tekstilar og bruksting, det eldste frå 1741. Ei øks er òg funnen på garden, tidfesta til 200-800 år f.Kr. Av bygningar er her mellom anna tre kvernhus, eit hjulhus og eit tørkehus for korn som framleis er i bruk i samband med ølbrygging på garden.²¹

Postvegen over Brekka

I 1841 vart det opna ei ny rute på postvegen mellom Bergen og Møre. Ruta var frå Rebakken i Breim, vidare vestover over Hunvikskaret til Hundeide og derfrå nordom Eidsfjorden til Løkja og vidare over Bjørkedalseidet til Volda. Vegen blir framleis halden i god stand og er ein fin turistveg gjennom frodig fjellandskap.



Bru på postvegen. Foto: Geir Haugen, NRK Sogn og Fjordane.

Milestein

Milestein også kalla milepæl eller milestolpe er eit tidlegare vegmerke plassert langs ferdelsesvegane med ei mils avstand, gjerne i form av ein ståande flat stein eller stele med inskripsjon eller merke som viser distansen. Bruken av milesteinar går tilbake til antikken. Romarane stilte opp steinar langs dei romerske vegane for å markere distansen 1000 pass (1,482km) for dei romerske legionærene som ferdast der. Ein trur at

²¹ Kjelder og sitat: www.hjalma.no/kultur/

merka har med marsjengde og kvilepause å gjere. Desse steinane blei kalla milepælar.²²



Milestein ved postvegen over Brekka i Hjelmelandsdalen. Foto: Gerd Fløde Bjørlo.

Aktivt lagsmiljø

Bygda har eit rikt organisasjonsliv med tilbod om aktivitetar for både barn og vaksne. Haugen Skyttarlag blei stifta i 1893 og er det eldste. Haugen Idrettslag blei stifta i 1895 og er såleis mellom dei eldste idrettslaga i landet.

Livet langs Hjalma

Langs elva Hjalma var der før kvernhus, Balsnes elektrisitetsverk og Haugen meieri på Naustdal. På Naustdal var der også postopneri, telefonstasjon og der var stoppestad for fylkesbåtane.

Setremiljøet i Hjelmelandsdalen er viktige kulturminne med eit samanhengande stølskulturlandskap der bøane og stølsgrendene mest går over i kvarandre. Her ligg setrane Naustdalsetra, Tippasetra,

²² Kjelde: Kunsthistorie.com

Nakken, Bjørhovdesetra og Sevlandsetra. Dei fleste husa på setrane er bygde på 1800 – talet. Dei er bygde som separate sel og fjøs.

Dei ulike stølsgrendene har hatt ulik utvikling med tanke på oppdyrking. Ved Bjørhovdesetra og Naustdalsetra er det oppdyrka større slåtte- og beiteområde, medan det kring Sevlandsetra, Nakken og Tippasetra no er lyng og torvmark. Ingen av setrane er lenger i vanleg drift, men det er beite av sau, kyr og hest. Dei fleste stølsvollane i dalen er trefrie, men lyng, einer og bjørk er i sterk framvekst. Setrane er også endra av tilrettelegging for friluftsliv. Sela er ombygde og utbygde og nye hytter er oppførte. Steingardar av naturstein utgjer gjerdet rundt setra og grensa mellom innmark og utmark. Det finst mange restar av slike steingardar i Hjelmelandsdalen.²³

2.3.4 Nordfjordeid

Tettstaden Nordfjordeid har ei uvanleg rik kulturhistorie. Her kan vi følgje historia sine spor i Noreg frå vikingtida heilt fram til i dag, på ein og same stad. Trehusområda i Eidsgata og Tverrgata er frå vår nære fortid, medan klyngetunet på Myklebust og gravhaugane der vitnar om tidlegare busetjing over mange tusen år.



Skjoratippen og gravhaugen Rundehogjen, med Eidsgata i bakgrunnen. Foto: Cecilie Marie Åshamar (2016)

Nordfjordeid har vore eit sentralt knutepunkt i regionen i mange hundre år. Her var handels-

²³ Kjelde: Kommunedelplan for Hjelmelandsdalen (23.05.2005)

og gjestgjevarplass, eksersisplass og embetsmannsstad.

Ein stor del av Nordfjordeid sentrum ligg inne i Riksantikvaren sitt NB-register, som er ein database som gjev eit oversyn over område som det knyter seg nasjonale kulturminne- og kulturmiljøinteressar til i norske byar og tettstader med bystruktur. Områda og bygningane her er også i stor grad verna gjennom reguleringsplanar for områda.

Eidsgata og Tverrgata

Eidsgata og Tverrgata er av dei mest intakte gatene i Sogn og Fjordane. I all hovudsak er bygningane frå 1860-talet og byrjinga av 1900-talet. Mange hus er flytta frå andre stadar i Eid og regionen, slik at tømmerkjernen kan vere vesentleg eldre enn oppsett byggjeår tilseier.



Tverrgata. Foto: Steinar Engeland.

Eidsgata og Tverrgata var ein strandsitjarstad der gardbrukarane gav folk løyve til å setje opp hus i utkanten av landbruksjorda mot sjøen. Folk som sette opp hus her, åtte husa som dei budde i og dreiv næring i, men ikkje sjølve jorda dei stod på.

Tverrgata er den eldste gata. Bygningane vart sette opp kring den gamle sjøvegen som gjekk frå eit av tuna på Myklebustgarden til nausta ved fjorden. Eidsgata vart etablert parallelt med fjorden, rett bak nausta.

Gatene har kvar sin tydelege profil. I Tverrgata er tomtene og bygningane mindre enn i Eidsgata. Her er bygningsstrukturen

tydeleg med bustadhus, hovudsakleg med 1 ½ etasje, plassert heilt ut mot gata, med hage og uthus bakanfor. Eidsgata er prega av hus i to etasjar med forretningslokale i første og bustad i andre etasje. Bygningane var som regel brukte både som bustad og arbeidsstad. Folk levde av å tilby tenester som vart etterspurde i ein yrande tettstad.



Eidsgata. Foto: Øystein Torheim.

Alt på 1900-talet var det på Nordfjordeid eit breitt spekter av næringsverksemdar. Her var dampskipsekspedisjon, gjestgjeveri, telefonstasjon, bakeri, slakteri, avis, børsemakar, bokhandlar, postopneri, ølutsal (samlag) og urmakar. Her var også fleire landhandlarar. Nordfjord Sparebank, første banken som vart etablert i Nordfjord i 1853, heldt også til i Eidsgata. I det som vi i dag kjenner som Kulturhuset Gamlebanken, var det bank frå 1881 og fram til 1963. Her var også kommunalt bibliotek frå 1963/64 - 1989. I følgje Jacob Aaland, Norges Næringsveie Nordre Bergenshus Amt – Nordfjordeids og Hornindals herreder 1918 var «*Nordfjords Sparebank ein av dei største landssparebankane og den rikaste banken i Nordre Bergenshus amt*». I 1911 vart Eids Privatbank oppretta etter initiativ av kjøpmann H.D.Aasebø og ordførar major J. Myklebust.

Fjordenes Blad (Fjordabladet no) vart etablert i 1874 av stiftamtmand Otto Blehr og

«bureauchef» Kr. Blom. I 1895 vart bladet overteke av ei aksjeselskap etabert av «*interesserte og fremstaaende venstremænd innen amtet*» I august 1917 blei lærar og historikar Jacob Aaland redaktør.

Eidsgata og historia knytt til aktiviteten der er eit viktig kulturminne for Eid kommune, både materielt og immaterielt.



Eidsgata i 1898, sett frå kyrkjjetårnet. Foto: F.H.A. L. Lunde.

Myklebustgarden

Myklebustgarden har truleg vore eit hovudsete frå vikingtida (800-1030 f.Kr.). Gravene på Myklebust ligg sør for det gamle tunet på garden, og spenner truleg over eit tidsrom som svarar til heile vikingtida. Dei arkeologiske utgravingane syner at vikinggravene var særst rikt utstyrte. Arkeologane har, med bakgrunn i funna, vurdert at gravhaugane har høyrte til ei framstående hovdingætt i Firdafylket. Ein av gravhaugane "Rundehågjen" er datert til siste halvdel av 800-talet og inneheld ei skipsgrav. Skipet som truleg var om lag 30 meter langt, vart brent som del av gravseremonien. Det planlagde visningsenteret Sagastad på Nordfjordeid, skal m.a. ha ein kopi av dette skipet.

Garden Myklebust har hatt busetnad frå jernalderen. I vikingtida var han eit maktsentrum i Nordfjord, og det gamle tunet låg truleg der klyngjetunet på Myklebust ligg i dag. Tunet låg på ei lita høgde med utsyn over jorda og fjorden. Etter kvart som garden vart

delt opp i fleire bruk, vart det bygd nye bygningar i tunet og jord og bygningsstruktur gav rammene for samarbeidet mellom bruka om oppgåver som vart løyste i fellesskap. Ved å samle bygningane til dei ulike bruka i eitt tun fekk ein òg teke vare på mest mogleg av jordbruksarealet til garden.



Lyskunst på Gravhaugen Rundehogjen. Foto: Tormod Flatebø.

Bygningsmassen i tuna på Myklebust i dag er i stor grad prega av sveitserstilen sin byggeskikk og nyare bygningar. Sør for tunet finn vi her gravhaugar frå heile yngre jernalder. Opphavleg var her fleire gravhaugar, men dei to gravhaugane Rundehågjen og Skjorattippen er mest synlege i dag. Den lange samanhengande busetjinga på Myklebust, med kulturminne tilbake til 600-talet og fram til slutten på 1800-talet, gjev området høg kulturminneverdi sett i nasjonal samanheng. Gravhaugane er synlege minne frå den tida då garden var eit maktsentrum i Nordfjord. Vidare er strukturane i landskapet, med tilknytninga til dagens sentrum ved traseen til den gamle vegen ned til fjorden, bevarte. Bygningane i tunet er gode døme på korleis tuna på Vestlandet såg ut etter utskiftinga på slutten av 1800-talet

Eksersisplassen

På Nordfjordeid låg den eldste militære eksersisplassen i Noreg, med samanhengande aktivitet frå 1600-talet til 1967. På 1700- og 1800-talet førte den militære aktiviteten til at store mengder menneske årleg strøymde til

Nordfjordeid. Det vart ein marknad for spesielle tenester som børsemakar, salmakar, skomakar, bakarar og andre handverkarar. Åra fram mot 1900 vert rekna som eksersisplassen si velmaktstid. I denne perioden fekk vi også framveksten av strandsitjarstaden med den gamle bygningsmassen vi har i dag i Eidsgata og Tverrgata.



Frå spelet «Elskhug og Eksis» på den gamle Eksersisplassen. Foto: Ukjent fotograf.

Eit av dei første idrettslaga og musikk laga i Noreg vart også etablert med utspring i den militære aktiviteten på eksersisplassen. Eid idrettslag og Eid musikk lag feira i 2013 høvesvis 150- og 100-årsjubileum. Truleg har aktiviteten på eksersisplassen også vore medverkande årsak til at AS Norsk Fjordhestsenter er etablert her på Nordfjordeid. Det har vore arrangert hingsteutstillingar for den norske hesterasen, Fjordhesten, her sidan 1886.

Den militære aktiviteten på Eksersisplassen, i dag gjerne kalla «Plassen», heldt fram til 1967. Også den tyske okkupasjonsmakta under 2. verdskrig slo seg til her. Eid kommune overtok området i 1972. Eksersisplassen er i dag eit stort parkområde, med bygningar, allear og stiar frå tida som øvingsplass for ulike bataljonar, m.a. planta tyskarane dei flotte alleane som er på området i dag.

Dei gamle bygningane som i si tid gjorde teneste som mobiliseringsdepot for Forsvaret, vart etablert som museum i 1981. Museet

vart stengt, men bygningane er i dag renoverte og gjort i stand til heilårsutleige som klubbhus for speidar, hundeklubb og husflidslag i tillegg til at det er møtelokale til velforeninga «Plassens Venner», og blir utleigd til private arrangement. I alt er der fem bygningar, og tre av desse husa er svært gamle. Husa i stabbur-stil er frå 1781 og 1793.

Lang marsj

I 1915 var dei som fylte 22- og 23 år innkalla til rekruttskulen. Ingebrigt var med i fyrste rekruttkompani på Nordfjordeid. Ein dag skulle dei gå ein rekordmarsj på 6 mil – frå Nordfjordeid – Kjølisdalen t/r og vidare til Nord t/r. Det var særleg god stemning under heile marsjen, og sunge mykje som til dømes denne songen dikta av Rasmus Larson Vedvik frå Nordfjordeid:

*«Sem Jakobsen er her, vi har Tylden med fler,
vi har Lorentsen, Langeland og Kvile i sær.
Det er vores befall, vi er deres personal,
og vi tjener dem godt, ja vi tjener dem godt
med vore ben og vor kropp»*

Det var oberstløytnanten, begge kapteinane og dei to løytnantane som var medtekne i denne stubben.²⁴

Den gamle eksersisplassen er i dag eit verdifullt kulturminne som er arena for mange aktivitetar. Spesielt kjend i dag er Malakoff Rockfestival.

Sorenskrivarane på Skårhaug

Heilt fram på 1800-talet var det vanleg at sorenskrivarar, som andre embetsfolk, stort sett kunne velje kvar dei ville busetje seg innan embetsdistriktet sitt. Sjølv om Leikvin vart sorenskrivargard frå 1700, var det difor fleire sorenskrivarar som budde andre stader - både i Eid og Gloppen. Slik vart også garden Skårhaug nordvest for Nordfjordeid nytta som

embetsgard av to sorenskrivarar frå 1809 og utover:



Dette huset i Thyvold-tunet er flytta frå Leikvin. Det tente som sorenskrivarbustad ein kort periode frå 1809. Foto: Ottar Starheim, NRK Sogn og Fjordane.

I 1803 kjøpte den kjende diktarpresten Claus Frimann Leikvin. Same året vart Niels Nielsson Vogt utnemnd til sorenskrivar i Nordfjord, og i 1809 valde han å flytte til Thyvold-garden på Skårhaug. Namnet hadde denne garden fått etter lensmann Jacob Thyvold som hadde budd der. I Thyvold-tunet var det reist eit stort, herskapeleg hus som tidlegare stod i tunet på Leikvin. Men Niels Vogt døydde same året som han flytta inn i Thyvold-huset, og sonen Jørgen Herman Vogt «arva» både embete og bustad.

Kapteinsgarden

I sorenskrivartida på Skårhaug stod det også eit anna hus der som seinare vart flytta til Myroldhaug (Myrahogjen). Der vart det nytta som bustad for den første distriktslegen for Nordfjord, Johan Widding Heiberg Cammermeyer, då Fjordane legedistrikt vart delt i Nordfjord og Sunnfjord distrikt i 1838.

Dette huset er det vi i dag kjenner som «Kapteingarden» og som no er freda. Huset vart kjøpt av jordskiftedommar Aarestrup på slutten av 1800-talet. Aarestrup kom som jordskiftedommar til Eid frå Vik i Sogn, og huset er framleis i familien Aarestrup sitt eige.

Eid kyrkje

Det har vore kyrkje på Nordfjordeid sidan mellomalderen. Arkitekt for kyrkja som står der i dag, ei langkyrkje i tre reist i 1849, var

²⁴Minne frå eksisdagane av Ingebrigt M. Lindvik: Årbok for Nordfjord 1986

handelsmannen Claus Wiese frå Eid. Kyrkja har plass til 750, og er den største kyrkja i Nordfjord. Innvendig er kyrkja dekorert med utskjeringar og dekormåling i "drakestil" noko som vart gjort under leiing av treskjeraren og målaren Lars Kinsarvik i 1915. Dei flotte takmaleria er nyleg restaurerte.



Eid kyrkje pynta med blomar og flagg då den var vallokale ved folkerøystingane i 1905. Foto: Isak Hellebust. Kjelde: Fylkesarkivet.

Yris hotell

Vilhelm Yri kjøpte i 1909 den gamle gjestgjevarstaden på storgarden Gjerde, og er framleis i familien sitt eige. Hovudbygningen vart nytta som hotell fram til 1970-talet. Hovudbygningen er freda, og er under restaurering. Dei omkringliggende bygningane er verna i medhald til reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum.²⁵

²⁵ Kjelder Nordfjordeid: Riksantikvaren sitt NB!register
NRK Sogn og Fjordane. Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)
Eid kommune



Yris hotell ved Allmenningen på Nordfjordeid. Det tente som sorenskrivarbustad ein kort periode frå 1809. Foto: Ottar Starheim, NRK Sogn og Fjordane.

2.3.5 Sørsida med Torheim/Hundeide/Taklo

Raudebuda på Åshamaren

Raudebuda på Åshamaren er ei nohengbu frå om lag 1915. Buda er den største i sitt slag innanfor Rugsund i Nordfjord, og den blei oppsett av eit andelslag med brørne Alf og Johan Lillestøl i spissen. Lillestøl-brørne dreiv fiske frå rundt 1915 og fram mot andre verdskrig, og hadde Raudebuda som fast base for oppheng, tørking og lagring av nøter.²⁶



Raudebuda 2014. Foto: Fjordabladet.

Norsk kulturminnefond løyvde i 2014 midlar til restaurering av buda, og dei vurderer Raudebuda som eit viktig kulturminne som har signaleffekt, og som med si plassering kan formidle historia om bruk og oppbevaring av nota.

Hunvikskaret

Hunvikskaret har vore ei viktig ferdselsåre frå gammalt av. Alt i 1826 vart det opna ein postveg over Hunvikskaret som korresponderte med postruta på den Trondhjemske Postvei på Rebakken i Breim.

²⁶ Kjelde: Fjordabladet.

Frå Rebakken vart postsekken skyssa til Ryssfjøra, rodd over fjorden til Hunvik og derifrå med postsekken på ryggen over Hunvikskaret til Hundeide. På Hundeide vart det opna postopneri i 1841 i samband med opninga av denne nye «bipostruta».²⁷

Først på 1980-talet vart vegen frå Hundeide til Hunvik over Hunvikskaret opna som bilveg.

Utdrag frå BREV FRÅ EKSPEDITØREN I HUNDEIDE
til Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane, 5800 Bergen.

...«... vi seier hjarteleg takk til F.S.F. for den teneste vi har hatt derfra sidan 1935. Hausten dette årstalet fekk vi anløp av «Vaagsøy» som gjekk i melkerute Hyen – Sandane med ein tur til Nordfjordeid kvar veke.» «Ja, vi har hatt båtanløp i over 40 år og hatt mange goder samanlagt denne tid. Tidlegare måtte varer til og frå roast til Hestnesøyra, og mange gonger i motvind eller med segl den eine vegen. Ja, det er stor skilnad på før og no, og meir vert det i nær framtid med bil frå stovedøra og dit du vil.» «Som ekspeditør i desse åra so seier eg takk for godt samarbeid, og vonar på anløp ut denne vinterrute i enkelte høve, når vei og føreforhold ikkje tillet framkomst.

Hjarteleg helsing Ekspeditør Johan Hunvik.»



Kjelde: Frå Fylkesbåtane sitt meldingsblad Amtet i 1978.

Sorenskrivaren budde ved Hundeide

Då Gulbrand Aamodt tok over som sorenskrivar i Nordfjord tidleg på 1800-talet, busette han seg på garden Setre på sørsida av Eidsfjorden.

Det var ei tid på tale å kjøpe Setre og nytte den som fast embetsgard for sorenskrivaren,

²⁷ Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)

men nokre snøskred som gjorde skade på garden på denne tida, gjorde at dei tok skrekken og let det vere²⁸.

I 1841 vart det sett opp ei ny postrute frå Rebakken i Breim som kom vestover og over Hunvikskaret til Hundeide og derifrå nordom Eidsfjorden til Løkja og vidare over Bjørkedalseidet til Volda.

Sorenskrivargarden på Setre vart såleis i dei siste åra frå 1841 til 1846 liggjande tett inntil den nye postruta, og det første postopneriet i Eid kom nettopp på Hundeide.

Anna Steffensdotter

Då Hans Egede – Grønlands apostel – reiste frå Bergen til Grønland i 1721, var Anna Steffensdotter frå garden Indre Hundeide med i ekspedisjonen hans. Ho var gift med Bendix Kolbeinsson som også var med på ekspedisjonen som bestod av i alt tre skip.

«På Grønland tok ho del i alt forfallande arbeide både innan- og utanfor presteheimen. Og då ho var barnlaus, fekk ho soleis rikare høve til meire heilt gå opp i dei ymse oppgaver som måtte møte i dei framande primitive tilhøve. Alt tyder på at Anne må ha vore ei motig og uredde kvinna – med di ho kunde våga seg inn i dette eventyret».²⁹

Ekteparet hadde ikkje born. Anna Steffensdotter døydd 13. august 1724 på Grønland.³⁰

Torheim

Torheim var ein del av Davik kommune fram til kommunerevisjonen i 1966/67.

Her er gjort ei rekke funn på Torheim som viser til gamal busetjing. Under registreringar i ei gravrøys på Torheim (juni 1996) vart det

²⁸ Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)

²⁹ Sitat frå kyrkjelydsbladet Helg og Høitid i 1936.

³⁰ Kjelde: Fylkesarkivet etter Jakob Aaland.

dokumentert datering tilbake til 2400 f.Kr.³¹
Fleire av funna som er gjort på Torheim er automatisk freda kulturminne.

Ei gamal segn seier at Torheim opphavleg var bustaden til ei svær kjempe som skal liggje gravlagd i ei stor røys inne på Torheimsneset. Ei anna segn seier at Torheim opphavleg var hestebeite for gardane Isane, og at ein som gjette hestane rydda og bygde der. Uansett er garden gamal og er nemnd i Bjørgvins Kalvskinn – jordbok som vart skriven 1305-1350. Der var 1 brukar i 1520, 3 brukarar på Ytre i 1602 og 1 brukar på indre Torheim. Indre Torheim var truleg vårstøl til ytre Torheim tidlegare.³² På Vårsetra på Torheim kan aktiviteten sporast tilbake til 700-talet.

I rapport nr. 27 om kulturlandskap og kulturmarkstypar i Eid kommune v/Inger Eikeland Flåten (1992), viser ho til at det er registrert ei artsrik slåtteeing på Torheimsneset, og at det burde utarbeidast ein skjøtselplan for slåtteeinga på Indre Torheim. Dette for å sikre eit artsmangfald som er representativt for området og der dei ulike elementa vert verna som tørrmurar, den gamle kjerrevegen i området og strandlinja og steinmurane der som dannar skilje mellom båtstøene.

Sørland var i si tid seter til Stårheim, og Stårheim disponerer også i dag allmenningen mellom Torheim og Sørland.

Milorg-gruppa «Snowflake» og brørne Torheim

Torheims-brørne var ved krigsslutt med på å internere 180 tyske soldatar som var stasjonerte på Bryggja, og på arrestasjonen av fluktskuta «Algo» som norske nazistar freista å rømme med til Sør-Amerika.³³

³¹ Kjelde: Universitetet i Bergen

³² Kjelde: Aaland 1939.

³³ Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)



Kåre Torheim som var med i Milorg-gruppa "Snowflake". Foto: Ottar Starheim, NRK Sogn og Fjordane.

På Torheim budde brørne Kåre (underoffiser), Sverre og Trygve Torheim. Då 2. verdskrig braut ut, gøymde dei unna eit våpenlager som inneheldt m.a. 30 gevær, to maskingevær og 10.000 skot. Då milorg-gruppa «Snowflake» vart organisert i Ålfotdalen vinteren 1945, slutta brørne seg til denne og Torheim vart ein av gøymestadane for gruppa då Milorg i fylket vart rulla opp og forfølgd av Gestapo etterjulsvinteren 1945. Brørne vart vitne til at faren Ivar og broren Olav vart tekne med av tyskarane då dei kom til Torheim på leit etter våpenlagra der. Gestapo fann ikkje våpenlageret på Torheim den første gongen, men kom att og fann eitt av våpenlagra. Då brende dei ned ei hytte før dei drog vidare.³⁴

Historiene om motstandsfolket i Eid og om Torheims-brørne er viktige immaterielle kulturminne frå vår nære fortid.

2.3.6 Lote/Hennebygda

Hennebygda

Lote og Hennebygda har ei relativt kort historie i Eid kommune (1.1.1992 vart denne delen av Gloppen kommune overført til Eid – i

³⁴ Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)

alt 158 personar), men har ei rikholdig historie frå tida i Gloppen kommune. Funn som er gjort i dei mange utgravingane som Bergen museum har gjennomført, i tillegg til helleristingane som er der, gjer at ein trygt kan datere busetnad der tilbake til bronsealderen. Til dømes viser eit fjordvendt bergbilete på Henden ytre (Ytre-Hennane), som er datert til bronsealderen (1800-500 f.Kr.), at det var busetnad i bygda då.

Garden Ytre-Hennane er truleg ein av dei eldste i Gloppen. Den er nemnd i skriftlege kjelder i 1303 og 1305, og var også ein av dei første gardane i Gloppen som kravde utskifting.³⁵

Klima

Det er ei særst godt klima i Hennebygda. På nokre få stader i landet kan purre overvintrte ute på åkeren for handelsføring om våren. Hennebygda er ein av to stader i landet der slik dyrking har funne stad. (kjelde: Gudmund Balvoll – grønsakdyrking på friland: Landbruksforlaget 1984) Det er no slutt på purredyrkinga i Hennebygda.

Garden Ytre-Hennane var også ein av dei første gardane i Gloppen som tok til med fruktdyrking i større målestokk.³⁶

Gravrøyser/helleristingar

Gravrøysene som er funne og registrerte på Indre Henne daterer seg tilbake til Yngre Jernalder (500 f.Kr.). I tillegg er der ei gravrøys frå vikingtida på Naustneset på Henne Ytre.

Her er fleire helleristingar i Hennebygda. Helleristingane på Ytre-Hennane er daterte til bronsealderen. Dei andre helleristingane (på svaberg på begge sider av kaia) er frå

³⁵ Kjelde: Kulturlandskap i Sogn og Fjordane Rapport nr. 27 Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Eid kommune v/Inger Eikeland Flåten. naturmangfald Eid

³⁶ Kjelde: Aaland 1935

jernalderen. «De store skipene, som det på Henden, er frå sein bronsealder da det var vanlig å framstille dem med svinget stevn og mange «mannskapsstreker».³⁷



Fig. 18. Bergbilde av båter fra tidlig jernalder i Hennebygda. Foto: John. Bae.

smis. Det tok mange generasjoner for jernsteknikken ble så god at en fikk stål med skarpe egger. Keltene smidde også jordbruksredskaper av jern. Dette var en

Helleristingane Henne 1. Kjelde: Soga om Gloppen og Breim, bind 1, side 139.

Helleristingane på Ytre-Hennane, som er daterte til bronsealderen, viser fire skipsfigurar. I tillegg er der mannskapsstrekar på det største skipet. Helleristingane som er daterte til yngre bronsealder/eldre jernalder, viser sju heile skipsfigurar, to skålgroper og restar av ytterlegare fem skipsfigurar.³⁸

Katlafossen klebersteinbrot

I Hennebygda ligg også eit klebersteinbrot.



Gryteemne - Katlafossen klebersteinbrot. Foto: Thoralf Rye.

Brotet har vore nytta til uttak av gryte o.l. frå gamal tid. Det ligg tett attmed busettingar som skal vere opptil 4500 år gamle. Kring 1730

³⁷ Kjelde: Askeladden.no

³⁸ Kjelde: Askeladden.no

vart der teke ut kleberstein for å verte sendt til Bergen.³⁹



Detaljar frå Katlafossen klebersteinbrot. Foto: Thoralf Rye.

Gardane på Åsane

Mellom Lote og Hennebygda, nord for Åseneset, ligg eit edellauvskogområde. Dette er eitt av dei 13 edellauvskogreservata i Sogn og Fjordane som er freda. Øvst i edellauvskogområdet ligg dei to gardane Åse Indre (Indreåsane på folkemunne) og Åse Ytre (Ytreåsane). Her har det vore busetnad og gardsdrift heilt fram til no.



Garden "Indreåsane". Foto: Gerd Fløde Bjørlo (2016)

På stølen Øvre Åse (Øvreåsane), som var der dei busette seg først på Åsane, er der enno restar av ei røykstove datert tilbake til 1819.

³⁹ Kjelder: Bygdeboka «Soga om Gloppen og Breim» og Bygdesoga om Gloppen og Breim av J. Aaland.



"Øvreåsane". Kjelde: SEFRAK-registreringane.

Stølsområdet er vurdert som særst verdfullt, og av spesiell verdi. Inge Eikeland Flåten som registrerte stølar og stølsområde i Eid kommune, jf. Sogn og Fjordane distriktshøgskule, Rapport nr. 27 – Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, så er stølsområdet vurdert slik: «*Ser ein området i samanheng med eit større kulturlandskapsområde, så vil det vekke både naturfaglege og kulturhistoriske interesser. Slåtteenga, som m.a. inneheld fleire artar frå marihandfamilien, er ein attraksjon i seg sjølv.*»



Kulturlandskap på Åsane. Foto: Gerd Fløde Bjørlo (2016)

Lote

Lote var ein gard frå gamalt av. Mange gravhaugar er teikn på tidleg busetnad. Gravrøysene er daterte til yngre og eldre jernalder (800 fvt. til 1080). Soga fortel om stormenn som levde på Lote. Etter ei gamal segn, skal det vere ein kjempe, Blodseige-Lothe, som først bygde her. Atter andre segner viser til Lotekjempene. Ein av dei skulle ha vore med i Jomsvikingslaget i Hjørungavåg.⁴⁰ (Gamle stadnamn og namn på brukarar i mellomalderen tyder på at så er tilfelle.)

På Lote vart halde fylkesting for Nordfjord og første eksersisplassen for Nordfjord på 1600-talet låg der. Lote hadde ikkje øydetid under krisa etter svartedauden.⁴¹ Lote er nemnd i fleire dokument frå mellomalderen. Alt i 1303 var Ivar Bonde på Lote med i ei takstsak.⁴² Adelslekta Bonde rådde på Lote på 1300-talet slik den skal ha gjort sidan 800-talet.⁴³

Garden Lote vart delt i tre partar i 1560. I skattemanntalet frå 1603 er Lote ført opp med seks bruk, og i manntalet frå 1701 er det registrert åtte oppsittjarar. Frå 1870-åra og utover vart det gjort store omskiiftingar i Lotstuna. I 1902 var overutskiftinga på Lote ferdig, og i 1903 tok rivinga av Lotstunet til.⁴⁴

I klyngetunet på Lote, Lotstunet (foto: Lyslo) som var intakt til rivinga tok til i 1903, var husa svært gamle. Jo-gamlestova er eitt av dei som framleis står att. Her skal eldste delen kunne daterast tilbake til Olav Kyrre si tid (1067-1093) (om enn noko tvil).


⁴⁰ Kjelde Jakob Aaland som igjen viser til Daae N. Bygdesaga

⁴¹ Kjelde: Svanhild Lote på digitalt fortalt/Wikipedia.

⁴² Kjelde: Jakob Aaland

⁴³ Soga um Lothe i Nordfjord av Anders A. Lothe s.23

⁴⁴ Kjelde: Wikipedia og Svanhild Lothe der på digitalt fortalt



Klyngetunet på Lote, Lotstunet. Foto: Lyslo

I Lotstunet hadde dei sin eigen tingstad, «Tuna», der avgjerder om stort og smått vart teke på demokratisk vis (om enn ei tid noko patriarkalsk). I 1903 var det slutt på klyngetunet på Lote og tingstaden der. Lotstunet med si lange og rike soge var vekke for alltid.⁴⁵

På Lote ligg også den automatisk freda gravhaugen Huldrehaugen som er datert til eldre jernalder.

Årskog

Årskog hadde sitt eige klyngetun der Amondebruket er eldst med historie tilbake til 1602. Før dette låg Årskog aude etter svartedauden.⁴⁶

I Årskog er der fleire automatisk freda kulturminne. Gravhaugen Granlunden frå jernalderen og Sehaugen som er datert til yngre jernalder. Den siste skal vere grava til Blodseige (segn eller sanning?) I *Soga um Lothe* står der følgjande: Blodseige-Lothe skulle vere den første som busette seg på Lothe. Det går segner om styrken og karstykkja hans.

Ferdsleveg

«I den tida sjøen og fjorden var viktigaste ferdsleveg, låg Lote lagleg til når ferdafolk

⁴⁵ Kjelde: Soga um Lothe

⁴⁶ Kjelde: Soga om Gloppen og Breim

reiste inn og ut etter Nordfjorden. På Lote var det skysskifte for rorslaga. Framme på neset Skjera på Lote stod varden Kron – ein låg steinvarde som truleg vart sett opp som seglingsmerke av borgarar som budde på Lote på 1600-talet. Den gamle ferdslø- og driftevegen nordom fjellet til Eid gjekk over Lotsskaret. Driftevegen vart nytta heilt fram til kring 1900 av fehandlarar – særleg frå Numedal, som kjøpte opp krøter på Sunnmøre og Nordfjord og dreiv dei austover gjennom Gloppen, Sunnfjord og Sogn. Folket på Lote hadde gode ekstraintekter på å føre dyra, ofte 100 dyr i kvar drift - over til Andabøen på sørsida. Då nytta lotsarane «storkyrkjebåten».»⁴⁷

Skule

Nordbygda fekk skulehus i 1883. Før den tid var det omgangsskule som var normalen. Skulen vart plassert på Lote. Det var mange stader ei farefull ferd på skulevegen. Den første generasjonen på Indre Åse gjekk på skule i Hennebygda. Dei frå Ytre Åse budde på Lote dei mørkaste vekene.⁴⁸ Aud Hjelle har skrive ei bok om skulane i Eid; *Skulane før og no*.

2.3.7 Hjelle/Heggjabygda/Navelsaker

Navelsaker og Heggjabygda vart igjen ein del av Eid kommune i 1965 etter å ha vore ein del av Hornindal kommune sidan 1867.

Furefjerding

Fjellgarden Furefjerding vart då ein del av Eid kommune. Fjellbonden, lokalpolitikaren og skribenten Johan O. Lillestøl, som budde på Ytre Furefjerding, var ikkje udelte nøgd med dette. Johan Lillestøl var ein dyktig skribent, og nedskrivne kjelder frå han er viktige immaterielle kulturminne. Husa på Ytre

⁴⁷ Kjelde: Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)

⁴⁸ Kjelde: Gamle Lotsberg og bygdene i helg og sykn – nedskrive av Johanne Lotsberg

«Fjellja» er no til nedfalls, men er viktige minnesmerke etter ei tid då ikkje alt låg til rette for den som slo seg ned her.



Huset til Johan og Pernille Lillestøl, på Ytre Furefjerding. Kjelde: Tiril Sol.

Gardane er nemnde alt tidleg på 1600-talet, og var veglause heilt fram til vegen til Ytre Furefjerding var ferdig i 1976. Johan bygde sjølv kjerrevegen som går mellom Indre og Ytre Furefjerding.



Kjerrevegen mellom Indre og Ytre Furefjerding, bygd av Johan O. Lillestøl. Foto: Fylkesarkivet.

Bjørnejakt i Heggjadalen

Mykje tyder på at der var mykje bjørn i traktene her før. Heggjabygda har husa mange storjegerar, blant anna Paul Oliverson Hegggen som skaut fire bjørnar og om lag 200 hjort. Siste bjørnen vart skoten i Brattebakkjen i 1889, og det er reist ein bauta på staden av Frislid Jaktlag. Bjørneskyttaren var Ola Johannes Getmundsen Frislid. For

skinnnet fekk bjørneskyttarlaget fem kroner og 14 øre i skotpremie.⁴⁹

Hjellesetra

Hjellesetra i Eid er av dei største og best bevarte i Eid kommune og landet elles. Området har status som nasjonalt verdifullt kulturlandskap.

«Kulturlandskap er landskap som er tydeleg påverka av menneska sin bruk og ressursutnytting. Kulturmark er areal eller ein biotop der tidlegare eller noverande bruk har gjeve den vegetasjonstypen og det artsutvalet vi finn der i dag. Kulturlandskapet spelar ei viktig rolle for bevaring av det biologiske mangfaldet.»⁵⁰



Hjellesetra. Foto: Cecilie Marie Åshamar (2016)

Den karakteristiske og autentiske slåtteteigstrukturen med mange utmarksløer og gardfjøsar, vert rekna som eit av dei mest interessante stølsanlegga i Sogn og Fjordane. Setra vart nemnd i ei utskifting i 1736, men er truleg eldre. Garden Hjelle som har støl her, er ein av dei eldste i bygda med historie tilbake til 1350. I tillegg til Hjelle, hadde gardane Hildenes, Reinane og Rindal seter her. Ca. 20 bruk hadde stølsrett her. På det meste var her 35-36 hus og 100 storfe på beite og mjølkning. Det var nok eit yrande liv med stor aktivitet her ein gong. For bøndene som setra på Hjellesetra, var slåtten her svært viktig.

⁴⁹ Kjelde: Årbok for Nordfjord 1997.

⁵⁰ Kjelde: Miljødirektoratet – skjøtselsboka.»

Området som i dag framstår som ein felles setervoll, har tidlegare vore inndelt i mange slåtteteigar.⁵¹

Nedlegginga av stølsdrifta tok til på 1950-talet, men to bruk hadde stølsdrift her fram til sommaren 1990. I dag står her 10 løer med torvtak. Setra er gjerda inne med ein kraftig steingard. Sel og fjøs utgjer 25 bygningar i dag. Mange av bygningane, inkl. løene, er restaurerte. Slåttemarka har ei sjeldan inndeling med tydelege merkesteinar mellom kvar teig.⁵²

Heim frå sætra av Anders O. Rindal: (Årbok for Nordfjord 1996)

No flytter vi frå sætra
med alle våre dyr.
På fjellet vert det hustru
for både folk og kyr

Det gulnar bort i lia
og beste graset fell.
Det vert så kaldt og haustleg
her på mitt sætrefjell

At det er heimfarstider,
Det skynar Dagros vel
Ho sturar bor i råsa
Og rautar i mot sel.

Ho lengar ned mot bygda
og all den gode hå.
Det er eit herleg skifte
som venter henne no.

Ho sleikjer seg om munnen,
å namm, å namm å muh.
No skal det verte festleg
og godt å vera ku.

Ja, jenter og buskapen
tek farvel med sitt fjell
Og mange glade stunder
om morgon og om kvell

Nor og Kviefossen

Eidselva og fossane der var grunnlag for framveksten av ulike næringar på Hjelle. Der var oppgangssager og mange kvernhus i området i eldre tider, og etableringa av både meieri og kraftstasjon noko seinare. Kring 1890 vart det starta arbeid med etablering av det første Nor meieri i området. Byggeplassen vart ved Velemsfossen der det vart bygd både demme og kanalar/slok for å få nok vasskraft. Meieriet kom i gang hausten 1898. Meieret på Nor vart rive i 1926 og bygd opp att på Osnes. Årsaka til flyttinga var nok fleire, men bygginga av dammen og kraftverket i fossen og leverandørane «nede» i bygda som ville ha meieriet meir sentralt der kundegrunnlaget

⁵¹ Kjelde: Skog og landskap

⁵² Kjelde: Austad, Hauge og Helle: Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane Prioriterte områder.

var, ei anna.⁵³ Der er nokre mindre restar av meieriet att i dag.

Kviafossen

«Elektrisiteten går no sin sigersgong over heile den siviliserte verda. Sjølv spreidde og avsidesliggjande bygdelag søkjer å skaffe seg dette lettvinte og ypparlege hjelpemiddelet.» Slik stod det å lese i ei utgreiing som nemnda for bygging av kraftverk i Kviafossen utarbeidde for Eid kommune i august 1913.

Det var ordførar og krigskommissær John Myklebust som i 1906 starta arbeidet med å få i gang produksjon av elektrisk kraft i Eid, og i 1915 stod kraftverket i Kviafossen klart til bruk. Det såg lenge «mørkt» ut for stasjonen, då det var lite vilje blant grunneigarane til å avstå grunn. Men ei ny lov som kom i 1911 om tvungen avståing av fossar, berga situasjonen for dei som ønskte utbygginga. Eid var så kjappe at dei vart den første kommunen i landet til å nytte seg av denne nye og viktige lova for bygging av kraftverk. Kommunen vedtok å oreigne heile Kviafossen, og innløysingssummen var kr. 10 000,-.



Kraftverket ved Kviafossen. Foto: Gerd Fløde Bjørlo.

Det vart større interesse for elektrisiteten enn nokon hadde venta. Om lag 2000 lampar vart installerte, og det kom gatelys i Eid sentrum og oppvarming av kyrkja, for å nemne noko. Det vart sagt at dette var den største hendinga nokosinne i Eid kommune, og den vart feira

⁵³ Kjelde og sitat: Svein Langeland i Årbok for Nordfjord 1998.

med lysfest på kommunehuset den 4. desember 1915.⁵⁴

Kraftverket var i drift til 1967. Kring 2010 tok Sogn og Fjordane Energi (noverande eigar av kraftverket) initiativ til ei rehabilitering av Kviafossen kraftverk. Dei ønskte å setje kraftproduksjonen i gang igjen, og samstundes etablere eit kraftverkmuseum på staden. Eid kommune ved Samfunnsutviklingsutvalet handsama saka, og gav positiv tilslutnad til forslaget. Kommunen ville også vurdere drift av museet og opprusting av kommunen sin eigedom «Smia» om anlegget vart realisert. I 2012 sette NVE ein stoppar for kraftproduksjonsplanane grunngeve med at tiltaket ville vere i strid med «vannressursloven», og i tillegg kome i konflikt med vern av nasjonale laksevassdrag og førekomstar av raudlisteartar i området. Kraftverket er eit viktig kulturminne i Eid kommune, og enno i ein tilstand som gjer det mogleg å restaurere.

Andre viktige kulturminne i området: Restar etter stampeplassane langs Stampelva, Nor skysstasjon, setrar og saga på Sagesetra i Fladalen.



Sel på Sagesetra. Foto: Gerd Fløde Bjørlo.

2.3.8 Sudstranda med Holmøyane/Skrede/Rognes

Sudstranda med Holene (seinare ein del av Rognes), Rognes, Holmøyvik, Holmøy og

⁵⁴ Kjelde: Fylkesarkivet Sogn og Fjordane

Skrede var ein del av Eid kommune fram til 1867. Då vart Hornindal skilt ut som eigen kommune, og bygdene her vart ein del av den nye Hornindal kommune. Sentralt i arbeidet med å få skilt ut Hornindal som eigen kommune var Hans Holmøy, dugande handverkar og skipar av arbeidsskulen i Holmøyane. I alt var det 1612 innbyggjarar i den nye Hornindal kommune. Bygdene høyrde til under Hornindal heilt til den store kommunerevisjonen i 1965 som vart leia av fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Nikolai Schei (jf. Skeikomiteen). Då vart området vestover frå og med Navelsaker og Holmøyvik lagt til Eid kommune. I alt 310 innbyggjarar vart då heimehøyrande i Eid kommune.

Ikkje alle var like glade for denne endringa, og etter ønskje frå deler av bygdene vart det den 21.09.1974 halde folkerøysting for å få klarlagt kor mange som igjen ønskte å bli ein del av Hornindal kommune. Av i alt 186 røysteføre røysta 153, og 92 røysta for «eg ynskjer å høyre til Eid kommune». Det vart soleis inga endring i inndelinga frå 1965.⁵⁵

Folket/leveveggar og Holmøy Arbeidsskule

Der var god skog i Holmøyane, og langs Holmøyelva var dette grunnlaget for etablering av sagbruk, møbelindustri og elektrisitetsverk. Ressursane i skogen, elva og vatnet gjorde at det var relativt bra økonomi her også i eldre tider. Ei kjend sag i området er Randasaga – ei oppgangssag som det er restar av i dag. Tømmer frå skogane her finn vi mange stader i Eid kommune. Bl.a. er det tømmer frå Innigards Holmøy-skog som er brukt i det som dag er Kulturhuset Gamlebanken på Nordfjordeid. Alle gardane var sjølveigne, og det var få som reiste frå bygdene her langs Hornindalsvatnet. Det var såleis få som utvandra til Amerika. Men dette

⁵⁵ Kjelder: Eid kommune og SSB:Historisk rapportar 99/13 over endringer i kommune-og fylkesinndelingen

betydde ikkje at dei var «heimalne». Å fare på fiske både nord til Svalbard og ikkje minst Lofotfiske var slett ikkje uvanleg. I Eid og Hornindal er «heimaling» eit verre skjellsord enn «tyl» (kjelde Ålandsboka). Arbeidsskulen og elevane der gav også dei som budde der rike impulsar utanfrå, og på Skrede/Rognes var det stor interesse for bokleg lærdom.

Her var eit sterkt samhald, og eit rikt foreiningsliv i bygdene. Her var eit aktivt ungdomslag (skipa i 1905) og fleire andre lag som Sudstranda kvinnelag, Sudstranda Slaktelag og Von Idrettslag.

Fredsla til bygdene gjekk i førstninga på Honndalsvatnet. Båtane d/s Dølen (1880) og d/s Dua var begge skyssbåtar på Honndalsvatnet fram til riksvegen på sørsida var opna og bilferdsla tok seg opp.(Kjelde Ålandsboka). Båtane hadde stoppestadar her i Sudstranda, og her er framleis restar av fleire dampbåttoppdrag.

På Nordfjordeid ligg Almenningen, som var ei slags frihamn for Honndølene. Her hadde dei rett til inn-og utførsel av varer, og her hadde dei transittlager. Varetransporten gjekk med hesteskyss til/frå kaia på Nord og Dølen frakta varene til/frå sine stoppestadar langs Honndalsvatnet. Samanhengande veg langs stranda vart det først i 1911. Også her var Hans Holmøy ein av pådrivarane for å få bygd veg langs sørsida av Hornindalsvatnet.



Bygging av riksvegen. Foto: Isak Hellebust. Kjelde: Fylkesarkivet.

Holmøy Arbeidsskule

Holmøy Arbeidsskule vart skipa i 1858 av Hans Holmøy som dreiv skulen dei første åra saman med broren Oliver. Begge var dyktige handverkarar i snikkar- og smedfag, og hadde m.a. mykje arbeid på dei nye kyrkjene i Hornindal og Sunnlyven. Hans starta skulen etter oppmoding frå folk som meinte at han hadde kunnskapar å lære bort.



Holmøy arbeidsskule. Fotograf: Ukjent fotograf.

Dei første åra tok skulen inn 5-6 elevar, men fekk større omfang då det vart bygt eigen skulebygning i 1865. Hans sin son Ola H. Holmøy (1855 – 1913) tok over som styrar i 1884 og bygde ny, stor skulebygning i 1890. Skulen kunne no ta inn opp til 50 elevar, og gav undervisning i både snikkar-, smed- og målarfag.

Dei fleste elevane kom frå Sogn og Fjordane og Sunnmøre, men Holmøy Arbeidsskule hadde elevar heilt frå Trøndelag til Sørlandet, og jamvel frå Island og Færøyane.



Snikkarsalen på Holmøy Arbeidsskule, på 1930-tallet. Foto: Ukjent fotograf. Kjelde: Fylkesarkivet.

Skulen vart lagt ned i 1972, og i dag vert bygningen nytta m.a. til kunstkurs, kunstutstillingar, og som skule- og gardsmuseum. Ein av gjenstandane på gardsmuseet er ein bjørneskalle frå bjørnen bror til Hans Holmøy skaut i 1852. Hans Holmøy vart då angripen av ein slagbjørn i utmarka. Histoira skal ha inspirert Adolph Tidemann til å måle det kjende motivet «Bjørnejegerens hjemkomst».⁵⁶



Gravferda til Hans Holmøy i 1910. Foto: Ukjent fotograf. Kjelde: Fylkesarkivet.

Familien Holmøy har ein privat gravstad på ein holme i Hornindalsvatnet – ein av dei få private gravstadane i fylket.

Andre viktige kulturminne i bygdene på Sudstranda og som ikkje er omtala her: Setrane, Gamle riksvogbruer, Ruinar etter gardfjøsar og setrefjøsar, Husa og tjæremile i Leikvikja, Gamalt naust i Storevika, Demningar i Kvandalen, Gamal gravstad på Skrede, Kvernhus i Innigard, Sonjahytta, Preikestolen og Gamal badestove.

Utdrag frå skulestyrar Ola H. Holmøy si tale frå festen den 25. november 1905 som vart arrangert på arbeidsskulen for å feire at kongefamilien kom til landet etter Unionsoppløysinga:

«Lad os modtage ham ikke bare med Høflighed, men og med Hjærtelighed og Tillid.

⁵⁶ Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)

(...) *Lad oss alle istemme: Gud bevare Fædrelandet og Kongefamilien. Ja vi elsker dette Landet !*⁵⁷

3. Ressursar

Lokale utviklingsaktørar kan ta ei aktiv rolle for å sjølv utvikle kulturarven vår. Under er det gjeve ei oversikt over ressursar som kan nyttast til å utvikle denne. Sjå også viktige aktørar under kapittel 1.4.

3.1 Verktøy for å identifisere kulturminneverdi

Riksantikvaren si *Håndbok for lokal registrering* er eit eigna verktøy for å registrere og vurdere verdien av eit enkeltstående kulturminne. Det vert lagt vekt på å identifisere tre verdier ved registrering av kulturminnet. Dette er kulturminnet sin kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi. Vidare skal kulturminnet sine eigenskapar og kjenneteikn samanlikna med andre kulturminne vurderast. Med utgangspunkt i denne verdisettinga og vurderinga skal ein kunne ta stilling til om kulturminnet har høg verdi og dermed bør ha eit lokalt vern gjennom planar etter plan- og bygningslova. Vi vil difor tilrå at vurderinga av kulturminneverdi vert utført i tråd med denne rettleiaren.

Når det gjeld kartlegging og vurdering av kulturmiljø, vil vi tilrå at Riksantikvaren sin rettleiar for DIVE-analyse vert nytta som verktøy; *Kulturhistorisk stedanalyse*. Denne analysen er eigna for å finne balansen mellom vern og bruk av kulturmiljø. Handlingsrommet for transformasjon vert dermed identifisert, og ein vil slik kunne utvikle kulturmiljøa vidare samtidig som ein tek i vare dei viktige verdiane som folk set pris på.

⁵⁷ Kjelde: Fylkesarkivet Sogn og Fjordane

3.2 Kunnskapsbasar

Meir informasjon om historia og kulturminna i Eid er funne med utgangspunkt i mange kjelder, fleire av desse er vist til i planen. Vi vil dele kjelder og anna relevant informasjon om kulturarven i Eid på www.eidinviterer.no og Eid kommune si **facebookside; Kulturarven i Eid**. Kjeldene er tallause. Under er det gjeve ei oversikt over kunnskapsbasar⁵⁸ som publikum fritt kan bruke for å søke etter denne type informasjon.

- [NB!registeret](#), les meir om Nordfjordeid sentrum.
- [Kulturminnesøk](#), les meir om og registrer kulturminne.
- [Digitalt museum](#), sjå nærare på gjenstandar og foto som er gjort tilgjengeleg digitalt.
- [Bokhylla](#), les den digitaliserte delen av Nasjonalbiblioteket si samling.
- [Fylkesarkivet](#) og [Allkunne](#), finn meir informasjon om kulturarven.
- **Universitetsmuseet i Bergen**, få tak i arkeologiske rapportar.
- **Eid bibliotek** si lokalsamling av bøker.
- **Lokale bygdelag** har ofte informasjon om kulturarven på sine heimesider.

For meir informasjon om korleis ein kan ta vare på kulturminne, syner vi til Riksantikvaren si heimeside www.ra.no, kulturminnefondet si heimeside, www.kulturminnefondet.no og lokal brosjyre om å *eige eit gammalt hus*.

3.3 Formidling av kulturarven i Eid

For at folk skal få utbytte av kulturarven, må denne formidlast på hensiktsmessig måte. Formidlinga må tilpassast dei ulike målgruppene. Det kan vere ei oppleving som til dømes eit arrangement eller ei kulturløype.

⁵⁸ Dette gjev berre oversikt over ein avgrensa del av tilgjengelege kjelder.

I sommarhalvåret arrangerer turistinformasjonen vandringar i Nordfjordeid sentrum for publikum. Dagens bruk av kulturarven er ein viktig arena for formidling av det som ein gong var.

God kjennskap til den omfattande kulturarven er ein føresetnad for god formidling. Kommunedelplanen gjev ei overordna oversikt, og vil difor bli trykt opp og distribuert. Det vil i tillegg vere behov for å utvikle lokale databasar for å få ei betre og meir samla oversikt over mangfaldet.

Sogelaget i Eid spelar ei viktig rolle i formidlingsarbeidet. Dei har som formål å ta vare på minne om folkelivet i Eid i farne tider, skape interesse og forståing for lokalsoge, lokal kultur og folkeminne og arbeide for å knyte band mellom fortid og notid gjennom dokumentasjon og formidling.

Dei har ei eiga heimeside, www.eidsogelag.no. Her er til dømes oversikt over Sogeskrift for Eid som vert gitt ut årleg.

3.4 Organisering av kulturminneforvaltninga i kommunen

Teknisk og samfunnsutvalet har i dag hovudansvar for politiske saker knytt til kulturminneforvaltninga.

I dag er det i all hovudsak kulturavdelinga og plan- og utviklingsavdelinga som har ansvar for Eid kommune si kulturminneforvaltning.

Det skal etablerast eit **kulturarv-team** på tvers av sektorar som har kompetanse til å

vurdere/få vurdert kulturminneverdien og rådgje publikum.

Kultur- og profileringskoordinator har ansvaret for oppfølging av planen med årleg rullering av handlingsdelen.

3.5 Økonomiske tilskotsordningar

Økonomisk støtteordningar vert nytta for å bidra til at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert teke vare på. Støtteordningane dekkjer berre ein del av den totale kostnaden ved skjøtsel, vedlikehald eller restaurering. Dei som ynskjer å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap kan søke på støtteordningar som passar til det aktuelle prosjektet. Under er det ei oversikt over relevante tilskotsordningar – dette er ikkje ei uttømmende liste. Det er sjølvsagt mange andre mogelegheiter til å skaffe finansiering både til formidlingstiltak og til tiltak for å ta vare på kulturarven.

- Riksantikvaren har fleire tilskotsordningar.
- Norsk Kulturminnefond er ei viktig tilskotsordning innanfor dette feltet.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane administrerer tilskot gjennom Regionalt miljøprogram. Dette vert mellom anna nytta som tilskot til slått i bratt terreng, noko som er med å oppretthalde det typiske kulturlandskapet vårt.
- Tilskotsordninga for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er retta mot kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket. Kommunen har eigne retningslinjer for tildeling av tilskot etter denne tilskotsordninga.

4. Oversikt over den utvalde kulturarven i Eid kommune

Under er det gjeve ei oversikt over den utvalde kulturarven i Eid kommune. Dette er **kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som har eit spesielt potensiale som ressurs i samfunnsutviklinga.**

Kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa vitnar om vår historie. Kunnskap om kulturarven vil difor vere viktig for at lokale aktørar skal kunne ta ut potensialet og nytte denne som ein ressurs i samfunnsutviklinga. For dei utvalde kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa vil **formidling og utvikling** ofte vere aktuelle tiltak. Formidling av kunnskap kan til dømes vere retta mot publikum, eigarar eller forvaltninga.

Ein del av dei utvalde kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa har ikkje eit formelt vern i dag. For desse vil lokalt **vern** gjennom plan- og bygningslova vere aktuelle tiltak. Før eit slikt vern vert sett i verk, er det viktig å utføre ei nærare kartlegging som identifiserer kva verdier det er verdt å verne om.

For at verdiane skal vere sikra for ettertida er det viktig med både kunnskap og bruk. Ei nærare kartlegging, jf. omtale i kapittel 3.1, vil kunne sikre kunnskap og identifisere verneverdien og balansen mellom bruk og vern. For den delen av kulturarven som har verdier som bør vernast om, vil det vere aktuelt med vern etter plan- og bygningslova. Ei slik kartlegging kan også vere aktuell for kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa som alt har eit formelt vern i dag – då med sikte på å samle verdifull kunnskap som kan nyttast som grunnlag for formidling og utvikling.

I oversikta under er kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa lista opp etter kronologisk rekkjefølgje, jf. omtale i kapittel 2.1 og 2.2.

Det er gjort nærare greie for kvifor akkurat dette er ein del av vår utvalde kulturarv og om det er aktuelt med tiltak i form av formidling og/eller vern. Til slutt er det gjeve ein kommentar som omfattar både status og forslag til moglege tiltak som kan bidra til å

sikre denne arven og nytte potensialet i den som ein ressurs i samfunnsutviklinga.


For Eid kommune er det ynskjeleg å utføre tiltak som legg til rette for at eit mangfald av aktørar kan bygge vidare og utvikle kulturarven vår og skape små og store opplevingar basert på denne.

| Utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap | Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet? | Aktuelle tiltak | | Kommentar |
|---|---|-----------------------|----------------|---|
| | | Formidling/ utvikling | Vern/ bevaring | |
| Veganlegget gjennom Hogaåsen – og eventuelt vidare nord mot Hjelmelandsdalen | Veganlegget er knytt til vikinghistoria i Eid | X | | Er automatisk freda etter kulturminnelova – berre delar av veganlegget er registrert. Bidra til å registrere, til skjøtselstiltak og å skilte og merke kulturløype til turformål. |
| Gravhaugane Rundehogjen og Skjoratippen på Myklebustgarden i Nordfjordeid sentrum | Graver som er knytt til vikinghistoria i Eid (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Jernalder</i> og <i>Myklebustgarden</i> , på side 10 og 28) | X | | Er automatisk freda etter kulturminnelova. Bidra til skjøtselstiltak, vedlikehalde skilt og bidra til utvikling av kulturmiljøet som arena for oppleving. |
| Bautasteinane på Naustdal | Bautasteinane er knytt til vikinghistoria i Eid, og er spesielle kulturminne i nasjonal samanheng (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Naustdal</i> og <i>Bautasteinane på Naustdal</i> , på side 24 og 25) | X | | Er automatisk freda etter kulturminnelova. |
| Kyrkjestadane Eid og Stårheim | Kyrkjestadane vitnar om historie knytt til tru i over tusen år. (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Mellomalder</i> , <i>Kulturminne knytt til tru</i> og <i>Eid kyrkje</i> , på side 11, 14 og 30) | X | | Delar av kyrkjegardane er automatisk freda etter kulturminnelova – kyrkjene er listeførte, av nasjonal verdi. |
| Steingardar som eit typisk kulturminne | Steingardane er typiske i kulturlandskapet i Eid (sjå omtale i kapittel 2, mellom anna under <i>Mellomalder</i> , på side 11) | X | X | Er i liten grad registrerte – ein del vil truleg vere automatisk freda. Bidra til å registrere, eventuelt verne gjennom plan- og bygningslova, skilte og merke kulturløype til turformål. |
| Gardane på Åsane som kulturmiljø | Gardane på Åsane er spesielle kulturmiljø og kulturlandskap i Eid (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Gardane på Åsane</i> , på side 35) | X | X | Øvre Indre Åse er omfatta av omsynssone for kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel – manglar fullstendig registrering. Bidra til å registrere, eventuelt verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til skjøtselstiltak og å skilte og merke kulturløype til turformål. |
| Setrane som typiske kulturmiljø | Setrane er typiske i kulturlandskapet i Eid (sjå omtale i kapittel 2, mellom anna under <i>Setrane</i> og <i>Kulturlandskap</i> , på side 12/13 og 14) | X | X | Er ikkje fullt ut registrerte – dei fleste setrane i Eid er omfatta av omsynssone for kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel. Bidra til å registrere, eventuelt verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til skjøtselstiltak og å skilte og merke kulturløype til turformål. |

| Utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap | Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet? | Aktuelle tiltak | | Kommentar |
|--|--|-----------------------|----------------|---|
| | | Formidling/ utvikling | Vern/ bevaring | |
| Hjellesetra som typisk kulturmiljø | Hjellesetra er eit typisk kulturmiljø (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Hjellesetra</i> , på side 38/39) | X | X | Er omfatta av omsynssone for kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel. Bidra til å registrere, eventuelt verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til skjøtselstiltak og å skilte og merke kulturløype til turformål. |
| Setrane i Hjelmelandsdalen; Tippasætra, Bjørhovdesætra, Sevlandsætra, Naustdalssætra som typiske kulturmiljø | Setrane i Hjelmelandsdalen er typiske kulturmiljø (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Livet langs Hjalma</i> , på side 26) | X | X | Er omfatta av omsynssone for kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel. Bidra til å registrere, eventuelt verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til skjøtselstiltak og å skilte og merke kulturløype til turformål. |
| Fjordhesten | Fjordhesten er ein av tre norske urhesterasar (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Fjordhesten og laksen</i> og <i>Ekserisplassen</i> , på side 13 og 29) | X | | Rasen har eit vern i form av status som urhest og er av nasjonal verdi. Bidra til og legge til rette for utvikling rundt fjordhestmiljøet og Fjordhestsenteret. |
| Båtstøene og naustmiljøa som typiske kulturmiljø, som Årdalsvika | Båtstøene og naustmiljøa er typiske kulturmiljø i Eid (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Fjordhesten og laksen</i> , på side 13) | X | X | Er ikkje registrert. Bidra til å registrere, eventuelt verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til å skilte og merke kulturløype til turformål. |
| Kulturlandskap, som Orheimsvika | Typisk kulturlandskap frå landbruket i Eid (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Kulturlandskap og Orheimsvika</i> , på side 14 og 22) | X | X | Det er registrert fleire kulturlandskap i Eid – nokre kulturlandskap har eit vern i form av omsynssone for naturmiljø i kommuneplanen sin arealdel. Bidra til å registrere, identifisere kulturlandskapsverdien som del av kulturhistoria, eventuelt verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til å skilte og merke kulturløype til turformål. |
| Den gamle postvegen over Brekka | Den gamle postvegen inngår i ei større rute frå Bergen til Trondheim (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Kulturminne knytt til ferdsel og Postvegen over Brekka</i> , på side 15 og 25) | X | X | Er ikkje registrert. Bidra til å registrere, eventuelt verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til skjøtselstiltak og å skilte og merke kulturløype til turformål. |
| Kraftverket ved Kviafossen i Eidselva | Kraftverket vitner om historia om elektrisk kraft og kommunen si rolle i denne samfunnsutviklinga | X | X | Er ikkje registrert. |

| Utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap | Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet? | Aktuelle tiltak | | Kommentar |
|--|---|-----------------------|----------------|--|
| | | Formidling/ utvikling | Vern/ bevaring | |
| | (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Kviafossen</i> , på side 39/40) | | | Bidra til å registrere, verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til utvikling gjennom samarbeid med eigar. |
| Kulturmiljøet ved Yris hotell | Kulturmiljøet ved Yris hotell er viktig for verneverdien av hovudbygningen (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Yris hotell</i> , på side 31) | X | X | Hovedbygningen er freda gjennom enkeltvedtak – resten av området er regulert til <i>spesialområde: verneverdige bygningsmiljø</i> i eldre reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum. Bidra til å registrere, verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til skjøtsel og følgje opp trua bygningar. |
| Holmøy Arbeidsskule med tilhøyrande kulturmiljø | Holmøy Arbeidsskule vitnar om både skule- og næringshistorie i Eid (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Sudstranda med Holmøyane/Skrede/Rognes</i> , på side 40-42) | X | | Er ikkje registrert. Bidra til å registrere, bidra til å identifisere utviklingspotensiale og bidra til utvikling i samarbeid med eigar. |
| Området som er registrert i NB!registeret: Eidsgata/Tverrgata og Myklebustgardane | Området utgjer eit spesielt kulturmiljø med høg verdi for Eid (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Strandsitjarstaden og eksersisplassen og Nordfjordeid</i> , på side 16 og 26-29) | X | X | Kulturmiljøet er av nasjonal interesse - Delar av området er regulert til <i>spesialområde: bevaringsområde – bevaring av anlegg og bevaringsområde – bevaring av bygningar</i> i eldre reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum. Bidra til å registrere, verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til skjøtsel, følgje opp trua bygningar, bidra til å skilte og merke kulturløype til turformål, bidra til brannsikring av trehusmiljøet og formidling av historia. |
| Området som er registrert i NB!registeret: Eksersisplassen med tilhøyrande anlegg som Skytebana på Vårsetra (øvingsbana til den gamle eksersisplassen på Nordfjordeid) | Området utgjer eit spesielt kulturmiljø med høg verdi for Eid (sjå omtale i kapittel 2, under <i>Strandsitjarstaden og eksersisplassen og Nordfjordeid</i> , på side 16 og 29-30) | X | X | Kulturmiljøet er av nasjonal interesse – området har ingen vern i dag. Bidra til å registrere, verne gjennom plan- og bygningslova, bidra til skjøtsel og å skilte og merke kulturløype til turformål. |
| Lag- og organisasjonslivet | Lag- og organisasjonslivet har prega historia i Eid (sjå omtale i kapittel 2, mellom anna under <i>Andre kulturminne</i> , på side 17) | X | | Er ikkje fullt ut registrert. Bidra til å få dette registrert. |

Kartet under er utarbeidd av Eid kommune, og syner geografisk plassering av utvalde kulturminne, jf. oversikt i kapittel 4, som kan kartfestast.



| NR | Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap |
|----|--|
| 1 | Kyrkjestaden Stårheim og Eid |
| 2 | Bautasteinane på Naustdal |
| 3 | Setrane i Hjelmelandsdalen; Tippasetra, Bjørhovdesetra, Sevlandsetra og Naustdalssetra |
| 4 | Den gamle postvegen over Brekka |
| 5 | Eidsgata, Tverrgata og Myklebustgardane |
| 6 | Eksersisplassen med tilhøyrande anlegg som skytebane på Vårsetra |
| 7 | Kulturmiljøet ved Yris hotell |
| 8 | Gravhaugane på Rundehogjen og Skjoratippen på Myklebustgardane i Nordfjordeid sentrum |
| 9 | Veganlegget gjennom Hogaåsen – og eventuelt vidare nord mot Hjelmelandsdalen |
| 10 | Kraftverket ved Kviafossen i Eidselva |
| 11 | Hjellesetra som typisk kulturmiljø |
| 12 | Gardane på Åsane som kulturmiljø |
| 13 | Holmøy Arbeidsskule med tilhøyrande kulturmiljø |

5. Mål for kulturarvsatsinga i Eid kommune

Eidasamfunnet sin kjerneverdi er å invitere. Vi ynskjer difor å **invitere til å oppleve og utvikle kulturarven i Eid**, slik at fleire kan lære om og ha glede av vår felles kulturarv. Eid kommune har som ei overordna målsetjing at utviklinga av kulturarven i Eid skal skje på ein berekraftig måte.

Under er det gjort greie for Eid kommune sine mål for kulturminnesatsing i Eid kommune, med tilhøyrande strategiar og tiltak.

Prioritering av tiltak vert gjort i handlingsdelen i kapittel 6.

Eid kommune har følgjande mål for å bidra til formidling, ivaretaking og vern av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap:

- Mål 1. Eid kommune skal aktivt legge til rette slik at aktørar kan utvikle kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling.
- Mål 2. Eid kommune skal bidra til utvikling av og gjennomføre formidlings- og/eller

vernetiltak for den utvalde kulturarven, jf. oversikt i kapittel 4.

- Mål 3. Eid kommune skal bidra til at minst tre kulturminne/ kulturlandskap vert restaurerte i året.
- Mål 4. Eid kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan, etter plan- og bygningslova, verne kulturminne som vert vurderte til å ha ein lokalt viktig verdi.

| Mål | Strategi | Tiltak |
|--|--|---|
| Mål 1. Eid kommune skal aktivt legge til rette slik at aktørar kan utvikle kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling. | Gjere kulturarven tilgjengeleg gjennom informasjon og fysisk tilrettelegging. | Støtte lokale initiativ som ønskjer å etablere nye turløyper eller merke eksisterande turløyper i tilknytning til kulturminne, kulturmiljø og/eller kulturlandskap – natur-/kulturløyper. |
| | | Bidra til utvikling av felles skiltmal for skilting av kulturløyper. |
| | | Innarbeide lokale kulturarvopplevingar i den kulturelle skulesekken/ spaserstokken. |
| | | Distribuere kommunedelplan for kulturarv. |
| | Sikre god oversikt over kulturarven i Eid kommune. | Etablere database med historisk og kulturell informasjon og fakta om Eid. |
| | | Ta initiativ til at tidlegare stadnamnregistreringar i Eid vert digitalisert hjå fylkesarkivet. |
| | | Nyregistrering av stadnamn i område som tidlegare ikkje ha vore omfatta av registreringa |
| | Bidra til å auke kunnskapen om registrering av kulturminne for å oppnå fleire og betre registreringar av kulturminne ved å arrangere årleg kurs for registrering i kulturminnesøk. | Ta initiativ til at lokale registreringar av kulturminne i Eid vert digitalisert hjå relevante offentlege aktørar. |
| | | Etablere rutine for gjennomføring av kurs for registrering i kulturminnesøk – implementere utvikling av kulturarven som del av kurset. Målgruppe: interesserte og utviklingsaktørar. |
| | Sikre at nokon i kommunen har ansvar for å følgje | Opprette kulturarvteam med kompetanse til å vurdere kulturminneverdien og |

| Mål | Strategi | Tiltak |
|--|---|---|
| | opp kulturminnefeltet og at publikum får eit kontaktpunkt. | rådge publikum. |
| | Dele relevant informasjon med lokale aktørar. | Dele informasjon om korleis ein kan ta vare på kulturminne via heimeside og facebooksider. |
| | | Oppdatere brosjyra «Å eige eit gammalt hus» - og spesielt distribuere denne til eigarar av gamle hus i Eidsgata/ Tverrgata. |
| | | Dele informasjon om rettar, plikter og moglegheiter for dei som eig kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap – eventuelt utarbeide lokal rettleiar. |
| Gi positiv merksemd til private initiativ knytt til kulturminnesatsingar lokalt. | Årleg markering av den internasjonale kulturminnedagen. | |
| | Etablere årleg kulturminnepris. | |
| Mål 2. Eid kommune skal bidra til utvikling av og gjennomføre formidlings- og/eller vernetiltak for den utvalde kulturarven, jf. oversikt i kapittel 4. | Bidra til at utvalde kulturminne /kulturmiljø vert teke vare på. | Sikre at kulturminne/kulturmiljø som ikkje er verna blir vurderte og får nødvendig vernestatus gjennom plan. Der kulturminnet/kulturmiljøet er trua før planprosessen er komen i gang, skal det gjerast ei vurdering om bygge- og deleforbod etter plan- og bygningslova. |
| | Auke kunnskapen om kulturminna i kommunen | Nytte kulturarvplanen i opplæringa i grunnskulen i Eid. |
| | | I samarbeid med lokalmiljø/Sogelaget legge til rette for turar til kulturminna. |
| | | Formidlingstiltak knytt til utvalde kulturminne , kulturmiljø og kulturlandskap, jf. kap. 4. |
| | | Skilte utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, jf. oversikt i kapittel 4. |
| | | Etablere nye turløyper i tilknytning til kulturminne – natur-/kulturløyper. |
| | | Registrere den utvalde kulturarven i Riksantikvaren si Askeladden-løysing slik at dei vert tilgjengelege gjennom digitale kart. |
| | | Utarbeide eit kulturarvkart til allmenn bruk – med alle utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, jf. oversikt i kapittel 4. |
| | | Oppdatere Eid inviterer-heimesida med meir informasjon om dei viktigaste kulturminna, kulturmiljø og kulturlandskap i Eid, jf. oversikt i kapittel 4. |
| | | Utføre registreringar av utvalde kulturminnetypar og kulturmiljø, jf. oversikt i kapittel 4. |
| | | Registrere og ordne det innsamla materialet om Eidsgata. |
| | Registrere og skilte gamle skyssvegar. | |
| | Sikre eit godt grunnlag for vern og dermed kva bruk som kan vere aktuell. | Utføre DIVE-analyse av Nordfjordeid sentrum som grunnlag for vern av viktige verdiar og gi rom for fortetting og transformasjon i Nordfjordeid sentrum. |
| Utføre DIVE-analyse som grunnlag for differensiert forvaltning av setrane, med utgangspunkt i vern av viktige verdiar og å gi rom for endra bruk. | | |
| Utarbeide ny kommunedelplan for differensiert forvaltning av setrane. | | |
| Sikre branntryggleik for det eldre trehusmiljøet i Nordfjordeid sentrum. | Utføre tiltak og samarbeide med andre for å få utført tiltak for å sikre branntryggleik. Desse tiltaka følger av Eid kommune sin brannsikringsplan. | |

| Mål | Strategi | Tiltak |
|--|--|---|
| Mål 3. Eid kommune skal bidra til at minst tre kulturminne/ kulturlandskap vert restaurerte i året. | Sikre at aktuelle aktørar får informasjon om søknadsrundar. | Etablere rutine for registrering av private initiativ som handlar om å ta vare på kulturminne, i arkivsystemet. |
| | Bidra til at aktuelle aktørar får grunnlag til å utarbeide søknader av god kvalitet. | Dele informasjon om søknadsprosessen på heimesidene – med årshjul for prosess og korleis aktørar kan gå fram for å søke. |
| | | Etablere rutine for korleis kulturarvteamet skal rettleie i søknadsprosessen. |
| | Bidra til auka kunnskap om søknadsskriving ved å arrangere kurs for registrering i kulturminnesøk. | Etablere rutine for gjennomføring av kurs i søknadsskriving. |
| | Legge til rette for at kulturminne i landbruket vert teke vare på – gjennom lokal tilpassing av SMIL-ordninga. | Sikre vidare prioritering av søknader om midlar for å ta vare på bygningar og landskap, ved revisjon av retningslinjer for SMIL-midlane. |
| Mål 4. Eid kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova verne kulturminne som vert vurdert til å ha ein lokalt viktig verdi. | Sikre eit godt grunnlag for vern og dermed kva bruk som kan vere aktuell. | Oppdatere SEFRAK-registeret med nye registreringar og vurderingar. |
| | | Etablere rutine for vurdering av verneverdi etter Riksantikvaren si handbok, ved søknad om endring av kjende kulturminne. |
| | Lokalt vern av viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. | Utarbeide aktsemdkart over faste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som kjelde til informasjon og som eit verktøy i arealplanlegging og -forvaltning. |
| | | Vurdere behov for oppdatering av kommuneplan og reguleringsplanar med utgangspunkt i kjende kulturminneverdiar – og oppdatere desse planane med nye omsynsoner ved behov. |

6. Handlingsdel

Kommunen sin innsats på ulike område må tilpassast tilgang på kapasitet og ressursar.

I handlingsdelen til kommunedelplan for kulturarv 2017-2029 er tiltaka difor prioriterte slik at det som hastar mest vert prioritert først. Tiltaka er plasserte under følgjande kategoriar: *tiltak 2017*, *tiltak 2018-2020* og *tiltak etter 2020 (ikkje prioritert)*. Årlege tiltak vert ført opp både under *tiltak 2017* og *tiltak 2018-2020*.

Tiltaka er sette inn i handlingsdelen etter same rekkjefølgje som dei er nemnde i kapittel 5.

Teksten for tiltaka kan vere nedkorta i forhold til tiltak omtalt under kapittel 5. Sjå kopling til mål og strategiar og meir utfyllande informasjon i kapittel 5.

Handlingsdelen skal rullerast og behandlast politisk kvart år, og prioritering av tiltak vil alltid måtte ta omsyn til kapasitet og ressursar. Dette skjer i samband med den årlege

revisjonen av kommunen sin handlingsdel inn i mot arbeidet med rullering av økonomiplan og årsbudsjett.

Prioriteringane som er sette opp under kan difor bli endra.

Tiltak som ikkje er avhengige av direkte økonomiske ressursar gjennom økonomiplanen må prioriterast av administrasjonen gjennom verksemdplanlegginga, t.d. i verksemdplanar.

| Tiltak 2017 | Tiltak 2018-2020 | Tiltak etter 2020 (ikkje prioritert) | Kommentar | Ressursbehov (utover ordinær drift) |
|---|---|--------------------------------------|--|-------------------------------------|
| Mål 1. Eid kommune skal aktivt legge til rette slik at aktørar kan utvikle kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling. | | | | |
| Støtte lokale initiativ som ønskjer å etablere nye turløyper eller merke eksisterande turløyper i tilknytning til kulturminne, kulturmiljø og/eller kulturlandskap – natur-/kulturløyper. | Støtte lokale initiativ som ønskjer å etablere nye turløyper eller merke eksisterande turløyper i tilknytning til kulturminne, kulturmiljø og/eller kulturlandskap – natur-/kulturløyper. | | Rådgjeving som oppgåve for kulturarvteamet – følg opp i mandatet/verksemdplan. | |
| Utvikle skiltmal. | | | Eige prosjekt. | Kr. 10.000 |
| | Innarbeide lokale kulturarvopplevingar i den kulturelle skulesekken/ spaserstokken. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | |
| Distribuere kommunedelplan for kulturarv. | | | Trykke opp og fordele. | Kr. 30.000 |
| | Etablere database med historisk og kulturell informasjon og fakta om Eid. | | Eige prosjekt, i samarbeid med biblioteket og sogelaget. | Kr. 50.000 |
| Ta initiativ til at tidlegare stadnamnregistreringar i Eid vert digitaliserte hjå fylkesarkivet. | Ta initiativ til at tidlegare stadnamnregistreringar i Eid vert digitaliserte hjå fylkesarkivet. | | Oppgåve for kulturarvteamet – følg opp i mandatet/verksemdplan. | |
| | Ny-registrering av stadnamn i område som tidlegare ikkje ha vore omfatta av registreringa | | Eige prosjekt. Ny-registreringar kan gjerast av studentar | Ca. kr. 50.000 |

| Tiltak 2017 | Tiltak 2018-2020 | Tiltak etter 2020 (ikkje prioritert) | Kommentar | Ressursbehov (utover ordinær drift) |
|---|---|--------------------------------------|--|--|
| | Ta initiativ til at lokale registreringar av kulturminne i Eid vert digitaliserte hjå relevante offentlege aktørar. | | Oppgåve for kulturarvteamet – følg opp i mandatet/verksemdplan. | |
| Etablere rutine for gjennomføring av årleg kurs for registrering i kulturminnesøk – implementere utvikling av kulturarven som del av kurset. | | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | |
| Opprette kulturarvteam med kompetanse til å vurdere kulturminneverdien og rådgje publikum. | | | Må følgjast opp, eige mandat må opprettast. | |
| Dele informasjon om korleis ein kan ta vare på kulturminne via heimeside og facebooksider. | Dele informasjon om korleis ein kan ta vare på kulturminne via heimeside og facebooksider. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | |
| | Oppdatere brosjyra «Å eige eit gammalt hus» - og spesielt distribuere denne til eigarar av gamle hus i Eidsgata/ Tverrgata. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | |
| | Dele informasjon om rettar, plikter og moglegheiter for dei som eig kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap – eventuelt utarbeide lokal rettleiar. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | |
| Årleg markering av den internasjonale kulturminnedagen. | Årleg markering av den internasjonale kulturminnedagen. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. Samarbeid med lokale aktørar som t.d. Eid sogelag. | |
| | | Etablere årleg kulturminnepris. | Eige prosjekt. | Kr. 20.000 årleg |
| Mål 2. Eid kommune skal bidra til utvikling av og gjennomføre formidlings- og/eller vernetiltak for den utvalde kulturarven, jf. oversikt i kapittel 4. | | | | |
| Sikre at kulturminne/kulturmiljø som ikkje er verna blir vurderte og får nødvendig vernestatus gjennom plan. Der kulturminnet/kulturmiljøet er trua før planprosessen er komen i gang, skal det gjerast ei vurdering om bygge- og deleforbod etter plan- og bygningslova. | Sikre at kulturminne/kulturmiljø som ikkje er verna blir vurderte og får nødvendig vernestatus gjennom plan. Der kulturminnet/kulturmiljøet er trua før planprosessen er komen i gang, skal det gjerast ei vurdering om bygge- og deleforbod etter plan- og bygningslova. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | |

| Tiltak 2017 | Tiltak 2018-2020 | Tiltak etter 2020 (ikkje prioritert) | Kommentar | Ressursbehov (utover ordinær drift) |
|--|---|--|---|--|
| Nytte kulturavplanen i opplæringa i grunnskulen i Eid. | Nytte kulturavplanen i opplæringa i grunnskulen i Eid. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | |
| | I samarbeid med lokalmiljø/Sogelaget legge til rette for turar til kulturminna. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | |
| | Formidlingstiltak knytt til utvalde kulturminne , kulturmiljø og kulturlandskap, jf. kap. 4. | | Eige prosjekt. | |
| | | Skilte utvalde kulturminne kulturmiljø og kulturlandskap, jf. oversikt i kapittel 4. | Eigne prosjekt. | |
| | | Etablere nye turløyper i tilknytning til kulturminne – natur-/kulturløyper. | Eigne prosjekt. | |
| Registrere utvalde kulturminne i Riksantikvaren si Askeladden-løysing. | | | Følg opp i verksemdplan. | |
| | Utarbeide eit kulturavkart | | Eige prosjekt. | Kr. 100.000 |
| | Oppdatere Eid inviterer-heimesida med meir informasjon om dei viktigaste kulturminna, kulturmiljø og kulturlandskap i Eid, jf. oversikt i kapittel 4. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | Ca. kr. 20.000 kvart år |
| | | Utføre registreringar av utvalde kulturminnetypar og kulturmiljø. | Eigne prosjekt. | |
| Registrere og ordne det innsamla materialet om Eidskata. | | | Eige prosjekt for å følgje opp materialet som vart innsamla i samband med registrering i 2014. | Kr. 50.000 |
| | Registrere og skilte gamle skyssveggar. | | Eige prosjekt. Samarbeide med lokale aktørar. | Kr. 100.000 |
| . | Utføre DIVE-analyse av Nordfjordeid sentrum som grunnlag for vern av viktige verdiar og gje rom for fortetting og transformasjon i Nordfjordeid sentrum | | Eige prosjekt. Søkje Riksantikvaren om midlar til arbeidet. Kan også vere aktuelt å nytte ekstern konsulent | Kr. 300.000 |
| | Utføre DIVE-analyse som grunnlag for differensiert forvaltning av setrane, med utgangspunkt i vern av viktige verdiar og å gje rom for endra bruk. | | Eige prosjekt. | Kr. 300.000 |
| | Utarbeide ny kommunedelplan for differensiert forvaltning av setrane. | | Eige prosjekt i etterkant av gjennomført DIVE-analyse. | Kr. 300.000 |

| Tiltak 2017 | Tiltak 2018-2020 | Tiltak etter 2020 (ikkje prioritert) | Kommentar | Ressursbehov (utover ordinær drift) |
|---|---|--|--|--|
| Utføre tiltak og samarbeide med andre for å få utført tiltak for å sikre branntryggleik. Desse tiltaka følgjer av Eid kommune sin brannsikringsplan. | Utføre tiltak og samarbeide med andre for å få utført tiltak for å sikre branntryggleik. Desse tiltaka følgjer av Eid kommune sin brannsikringsplan. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. Gjennomføring av brannsikringsplanen | Må setjast av midlar i samsvar med brannsikringsplanen sin handlingsplan |
| Mål 3. Eid kommune skal bidra til at minst tre kulturminne/ kulturlandskap vert restaurert i året. | | | | |
| | Etablere rutine for registrering av private initiativ som handlar om å ta vare på kulturminne, i arkivsystemet. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | |
| | Dele informasjon om søknadsprosessen på heimesidene – med årshjul for prosess og korleis aktørar kan gå fram for å søke. | | Etablere rutinar for dette | |
| | Etablere rutine for korleis kulturarvteamet skal rettleie i søknadsprosessen. | | Etablere rutinar for dette | |
| Etablere rutine for gjennomføring av årleg kurs i søknadsskriving. | | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | Kr.10.000 årleg |
| Sikre vidare prioritering av søknader om midlar for å ta vare på bygningar og landskap, ved revisjon av retningslinjer for SMIL-midlane. | Sikre vidare prioritering av søknader om midlar for å ta vare på bygningar og landskap, ved revisjon av retningslinjer for SMIL-midlane. | | Takast inn i retningslinjene for SMIL-midlane ved neste revisjon | |
| Mål 4. Eid kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova verne kulturminne som vert vurderte til å ha ein lokalt viktig verdi. | | | | |
| | | Oppdatere SEFRAK-registeret med nye registreringar og vurderingar. | Eige prosjekt. | |
| | Etablere rutine for vurdering av verneverdi etter Riksantikvaren si handbok, ved søknad om endring av kjende kulturminne. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine. | |
| | Utarbeide aktsemdkart over faste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som kjelde til informasjon og som eit verktøy i arealplanlegging og -forvaltning. | | Følg opp i verksemdplan/etabler rutine for kontinuerleg oppdatering. | |
| | | Vurdere behov for oppdatering av kommuneplan og reguleringsplanar | Følg opp i verksemdplan. | |


| Tiltak 2017 | Tiltak 2018-2020 | Tiltak etter 2020 (ikkje prioritert) | Kommentar | Ressursbehov (utover ordinær drift) |
|-------------|------------------|---|-----------|--|
| | | med utgangspunkt i kjende kulturminneverdiar – og oppdatere desse planane med nye omsynsoner ved behov. | | |

Vedlegg

Nokre av figurane/illustrasjonane i dokumentet er utydelege. Desse er lagt ved under i større format.

Definisjonar:

Kulturminne er definert som alle spor etter menneska sitt virke i vårt fysiske miljø, medrekna lokalitetar som det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til, jf. kulturminnelova § 2.




Kulturminne kan delast i materielle og immaterielle kulturminne. Materielle kulturminne omfattar både faste kulturminne, som ikkje kan flyttast, og lause kulturminne, som kan flyttast på. Immaterielle kulturminne er ikkje fysiske og kan til dømes vere tru, tradisjon og handverk.


Kulturmiljø er definert som eit område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng, jf. kulturminnelova § 2.

Kulturlandskap er definert som natur som er prega av menneska sin bruk gjennom tidene, jf. naturmangfaldlova § 33.


Kart som viser registrerte, kartfesta og tidfesta kulturminne frå **eldre steinalder**:




Kart som viser registrerte, kartfesta og tidfesta kulturminne frå **ynge steinalder**:



Kart som viser registrerte, kartfesta og tidfesta kulturminne frå **bronsealder**:



Kart som syner registrerte, kartfesta og tidfesta kulturminne frå **jernalder**:



Kart som syner registrerte, kartfesta og tidfesta kulturminne frå **mellomalder**:

